

Oppdragsgiver
Vaksdal kommune

Rapporttype
Planbeskrivelse til områdeplan for Vaksdal

Dato
2025-06-10

Områdeplan VAKSDAL



OMRÅDEPLAN
VAKSDAL

Oppdragsnr.: 1350025522
Oppdragsnavn: Vaksdal områdeplan
Dokument nr.: 1
Filnavn: Planbeskrivelse Vaksdal_HL_10.06.2025_endringsmarkeringer.docx

Revisjonsoversikt

Revisjon	Dato	Revisjonen gjelder	Utarbeida av	Kontrollert av	Godkjent av
00	16.03.2023	Planomtale, 1. utkast	ANMB	AGEN	ERDI
01	24.03.2023	Planomtale, leveranse	ANMB	AGEN	ERDI
02	09.05.2025	Planomtale 2. gongs behandling	AGEN	ADSZ	ERDI
03	10.06.2025	Planomtale etter vedtak om utlegging til 2. gongs hand.	AGEN		



Innhold

1. Samandrag	1
2. Bakgrunn	2
2.1 Målet med planarbeidet	2
2.2 Forslagsstillar og plankonsulent	2
2.3 Relevante vedtak i saken	2
2.4 Krav om konsekvensutgreiing (KU)	2
3. Planprosessen	4
3.1 Oppstartsmøte	4
3.2 Varsel om oppstart og høyring av planprogram	4
3.3 Politisk behandling av planforslag og offentlig ettersyn	4
3.4 Annan medverknad	5
4. Planstatus og rammevilkår	6
4.1 Statlege planer og føringar	6
4.2 Regionale planar	7
4.3 Kommunale (overordna) planar	8
4.4 Gjeldande, tilgrensande og overlappende reguleringsplanar	9
5. Eksisterande situasjon	14
5.1 Planområdet	14
5.2 Plasseringa av planområdet og grunnleggjande informasjon	14
5.3 Dagens arealbruk, tilstøytane arealbruk	15
5.4 Staden sin karakter, bygnad og landskap	16
5.5 Soltilhøve og Lokalklima	16
5.6 Kulturminne og kulturmiljø	17
5.7 Naturmangfald	17
5.8 Landbruk / naturressurser	17
5.9 Trafikkforhold	18
5.10 Rekreasjonsverdi / rekreasjonsbruk, uteområde	19
5.11 Born og unge sine interesser	20
5.12 Offentleg og privat servicetilbod	22
5.13 Universell tilgjengelegheit	22
5.14 Grunnforhold	22
5.15 Støyforhold	22
5.16 Forureining (Grunn, vann og luft)	23
5.17 Samiske interesser	23
6. Planforslaget	24
6.1 Målet med planforslaget, avgrensing	24
6.2 Reguleringsføre mål – oversikt	25
6.3 Om tiltak og planskisse	26
6.4 Dimensjonering av grønnstruktur og leikeareal med tanke på det totale bustadpotensialet	29
6.5 Utnytting, plassering og utforming av bygg	30
6.6 Bustadområde og bukvalitet	30
6.7 Sentrumsføre mål	38
6.8 Fortetting og transformasjon (kombinerte føremål)	41
6.9 Kombinerte føremål – Samferdsle	44

6.10	Næring, småbåthamn og naustområde	49
6.11	Uteopphaldsareal	51
6.12	Grønnstruktur og strandsone	51
6.13	Trafikk	52
6.14	Vegføring og stigningsgrad	52
6.15	Universell utforming.....	52
6.16	Kulturarv.....	52
6.17	Offentlege føremål	53
6.18	Teknisk infrastruktur.....	53
6.19	Krav om detaljregulering.....	55
6.20	Rekkjefølge- og dokumentasjonskrav	55
7.	Konsekvensutgreiing	57
7.1	Innleiing.....	57
7.2	Metodikk for konsekvensutgreiing.....	57
7.3	Kulturminne og kulturmiljø.....	58
7.4	Landskapsbilete	59
7.5	Naturmangfald.....	59
7.6	Næringsutvikling og arbeidsplassar	60
7.7	Tettstadutvikling og urbanisering	60
7.8	Friluftsliv/by- og bygdeliv.....	61
7.9	Trafikk.....	61
7.10	Samanstilling av konsekvensane	62
8.	Verknader	63
8.1	Overordna planar	63
8.2	Staden sin karakter, byform, estetikk og landskap	63
8.3	Bukvalitet.....	63
8.4	Soltilhøve og lokalklima.....	64
8.5	Kulturminne og kulturmiljø, eventuell verneverdi	64
8.6	Høve til naturmangfoldlova.....	64
8.7	Landbruk / Naturressursar	64
8.8	Trafikktilhøve.....	66
8.9	Rekreasjonsinteresser / rekreasjonsbruk / uteområde	66
8.10	Born og unge sine interesser.....	67
8.11	Sosial infrastruktur.....	67
8.12	Folkehelse og kriminalitetsforebygging.....	67
8.13	Universelt tilgjenge.....	67
8.14	Energibehov – energiforbruk.....	68
8.15	Teknisk infrastruktur	68
8.16	Økonomiske konsekvenser for kommunen	68
8.17	Eiendomsmessige konsekvenser for grunneiere	68
8.18	Konsekvenser for næringsinteresser	68
8.19	Samiske interesser.....	68
8.20	Strandsone til sjø og vassdrag	68
8.21	Interesse motsetnader	68
9.	Risiko og sårbarheit.....	69
9.1	Metode.....	69
9.2	Evaluering av risiko	69
9.3	Konklusjon	71
10.	Referansar og kjelder	72
11.	Vedlegg	73


1. Samandrag

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for at stasjonsbyen Vaksdal kan veksa og utviklast vidare til ein fleirfunksjonell stad med bustader, næring, handel, offentlig og privat tenesteyting, blågrøne strukturar, møteplassar, friluftsliv og naturopplevingar. Vaksdal skal planleggjast for ei framtidig auke i folketal og tilreisande, og utviklinga skal forankrast i staden sin natur og lokale historie.

Overordna mål med områdeplanen er auka attraktivitet og skape et framtidsretta Vaksdal. Med ein ny og meir sentrumsnær plassering kan togstasjonen vere med på å forsterka Vaksdal som ein stasjonsby. Dette skal oppnåast gjennom ei føreseieleg og berekraftig samfunnsutvikling. Områdeplanen legg til rette for stasjonsnær utbygging av bustad- og næringsområde. Planen vil på sikt vere med på å forsterke Vaksdal som attraktivt sentrum, og som buplass for både lokale og for folk som vil pendle inn til Bergen.

Planomtalen er basert på Miljøverndepartementet sin Veileder T-1490 Reguleringsplan Vedlegg 2. Sjekkliste for planbeskrivelse (detaljert).

Planomtalen høyrer saman med plankart og føresegner for tiltaket.



Figur 1: Avgrensing av områdeplanen.

2. Bakgrunn

2.1 Målet med planarbeidet

Regjeringa vedtok å utarbeide statleg reguleringsplan for ny trasé for E16 og dobbelspora jernbane frå Arna og Stanghelle for å gi betra trafikksikkerheit, føreseieleg transport, auka kapasitet for gods på bane og redusert reisetid. Denne omlegginga av traséane vil påverke utviklinga av staden Vaksdal, og kommunestyret i Vaksdal kommune vedtok difor oppstart av områdeplan for Vaksdal stasjonsby i 2016 (sak 70/2016). Planen har hatt ein parallell prosess med den statlege reguleringsplanen.

Den statlege reguleringsplanen vart vedteken april 2022. Den nye utforminga av ny E16 og Vossebanen legg dermed utgangspunktet for områdeplanen og korleis det nye sentrum på Vaksdal formast.

Overordna mål med områdeplanen er auka attraktivitet og skape et framtidsretta Vaksdal. Med en ny og meir sentrumsnær plassering kan stasjonen være med på å forsterke Vaksdal som ein stasjonsby. Dette skal oppnås gjennom føreseieleg og berekraftig samfunnsutvikling.

Innleiingsvis i KPA er omgrepet 'bynært bygdeliv' trekt fram som ein visjon frå tidlegare samfunnsdel. *'Me ynskjer at lokalsamfunna våre framleis skal vera prega av likeverd, rausheit og inkludering. Me skal vere gode på informasjon og kommunikasjon, og me skal vere innovative og nytenkjande. Desse verdiane skal ha fokus i samfunnsutviklinga, og er også grunnlaget for strategiar og arealutvikling og -disponering i kommunen.'* Visjonen 'bynært bygdeliv' er ei målsetjing for områdeplanane for både Vaksdal og Stanghelle. Bynært bygdeliv er eit omgrep som kombinerer fordelane ved både bylivet og bygdelivet.

2.2 Forslagsstillar og plankonsulent

Forslagsstillar er Vaksdal kommune.

Prosjektleder er Knut Trefall, Mob: 95786444, E-post: knut.trefall@vaksdal.kommune.no

Forslagsstillar er planmyndigheit i området.

Konsulent er Henning Larsen/Rambøll. Oppdragsleder er Erik Ditlefsen, Mob: 46896858, E-post: erik.ditlefsen@henninglarsen.com

Plandokumenta og tilhøyrande rapportar og analyser er utarbeida av Henning Larsen og Rambøll.

2.3 Relevante vedtak i saken

Oppstart av områdeplan

Vedtak om å starte opp arbeidet med områdeplanar for Vaksdal og Stanghelle vart gjort 12.09.2016 (PS 70/2016). Bakgrunnen for dette er ønsket om å planlegge for dei store endringane Vaksdal kommune står framfor, etter regjeringa sitt vedtak (desember 2015) om å starte arbeidet med utbygging av ny E16 og dobbeltspora jernbane på strekninga Arna-Stanghelle.

Statleg reguleringsplan for E16 og Vossebanen

Den statlege reguleringsplanen for E16 og Vossebanen på strekningen Arna-Stanghelle vart vedtteke 5. april 2022 av Kommunal- og distriktsdepartementet. Vedtaket samantsett med Bane NOR og Statens vegvesen sitt forslag; alternativ B2 gjennom Vaksdal, med enkelte endringar i planføresegna. Planen har vore ein utløyssande faktor for denne planprosessen, som har gått parallelt og som legg viktige premiss for utforminga av nytt Vaksdal sentrum.

2.4 Krav om konsekvensutgreiing (KU)

Det er vurdert om det er behov for KU i samband med planarbeidet, jamfør Forskrift om konsekvensutgreiing av 21. juni 2017 med vedlegg. Vedlegg 1 og 2 til forskrift om KU avgjer kva planar og tiltak som automatisk skal konsekvensutgreiast og kva planar og tiltak der det skal vurderast behovet for ei konsekvensutgreiing. I dette tilfellet er planen ei områderegulering og tiltaket skal derfor alltid konsekvensutgreiast, jf. § 6 fyrste ledd bokstav a. Krav om konsekvensutgreiing inneberer at det må utarbeidast eit planprogram for området.

Planprogrammet

Planprogrammet skal avklare premiss og klargjere hensikta med planarbeidet. Det skal vidare gis ei omtale av innhaldet i planen og omfanget av planarbeidet. Omfanget av planarbeidet er ei utgreiing av alternative problemstillingar som vil bli belyst og kva type utgreiing som er vurdert nødvendig for å gi et samla bilete av tiltaket sine konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Sjå også Forskrift for konsekvensutgreiing, § 6.

Planprogrammet vart lagt ut til offentlig ettersyn i 6 veker frå 20.02.2019, og vedteke 17.06.2019. Sjå kapittel «Planprosessen» om merknader og behandling.

3. Planprosessen


3.1 Oppstartsmøte

Oppstartsmøte for prosjektet vart avhalde 16. august 2017 på Dale i Vaksdal kommune. PlanID vart sett til 2016001.

3.2 Varsel om oppstart og høyring av planprogram

Varsel om oppstart av reguleringsarbeidet inkl. planprogram vart annonsert på kommunens nettsider samt i Vaksdalposten. Det vart sendt ut varsel til berørte eigendomar og regionale myndigheiter etter adresselister frå Vaksdal kommune. Frist for innspel var 30. desember 2017. Det kom inn 7 skriftlege høyringsinnspel. Høyringsinnspela er summert i vedlegg saman med forslagsstillar sine kommentarar.

Planområdet vart varsla slik at heile Sædalen var med, men planavgrensinga er seinare justert til å omfatta berre ein mindre del av Sædalen. Det varsla planområdet var 3 096 daa stort.



Figur 2: Varsla planområde

3.3 Politisk behandling av planforslag og offentlig ettersyn

1. gongs handsaming av planen:

Planen vart lagt ut til offentlig høyring den 05.05.2023. Det kom inn 25 merknader til planen. Merknadene er samanfatta og svara opp i eige vedlegg for merknadsbehandling, vedlegg 1.4.

Kort om endringar til 2.gongs handsaming:

- GAA endra til SAA
- Omsynssoner for kulturminner er tatt inn

- Faresoner for skred er justerte
- Aktsemdssoner for flaum er teke inn
- Føresegnområde med krav om detaljplanlegging er erstatta med føresegn til enkeltfelt
- Omsynssone med krav om felles planlegging H810 og omforming H820 er teke ut
- Føresegnsområde #1 definere vidareføring av statleg plan, med enkelte endringar.
- Ein del byggeområde som omdisponerer jordbruksareal er teke ut av planen

Det er vurdert at det skal gjennomførast ei ny høyring av planforslaget mellom 1. og 2. gongs handsaming, sidan områdeplanen no skal erstatte fleire planar enn forslaget som vart sendt ut til 1. gongs handsaming.

3.4 Annan medverknad

Gjennom arbeidet med områdeplanen er det gjennomført ein omfattande medverknadsprosess. Medverknad gjennom desse prosessane har gitt eit godt grunnlag for utforminga av planforslaget, og framheva viktige tema for utviklinga av Vaksdal for framtida.

3.4.1 Framtidsdugnad (ope folkemøte) 28. november 2017

Det er også gjennomført eit ope folkemøte for å få innspel frå innbyggjarar på Vaksdal og Stanghelle. Ca 80 deltakarar arbeidde i grupper, og ga innspel om det dei er stolte av og sine draumbilete for korleis Vaksdal ser ut i år 2040.

3.4.2 Intervju februar-mars 2018

Det er gjennomført 14 intervju, om utviklinga dei siste 10 åra, utfordringar framover, framtida og slutningar som må fattast.

3.4.3 Workshop for ungdomar 20. mars 2018

Ungdommar vart samla for å gje tilbakemelding på kva dei vil ta vare på og kva dei synest vil gjere Vaksdal til ein levande og attraktiv plass.

3.4.4 Workshopar for framtidsbileta 2018

I perioden mars – september 2018 vart det gjennomført workshopar med ei gruppe på 16 deltakarar med både ungdomar, politikarar, næringsdrivande, pensjonistar, innbyggjarar, ordførar og prosessleiarar frå Rambøll/Henning Larsen.

3.4.5 Folkemøte 7. mars 2019 saman med K5-prosjektet

Saman med Vaksdal kommune inviterte Statens vegvesen/Bane NOR til ope møte om statleg reguleringsplan for ny E16 og dobbeltspora jernbane. I møtet vart det også orientert om områdeplanen. Presentasjonar vart avslutta med ein spørsmåsrunde. Fellesprosjektet var det sentrale temaet i møtet.

4. Planstatus og rammevilkår

4.1 Statlege planer og føringar

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2011)

Retningslinjene følger opp den nye plan- og bygningslova, der byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen er vidareført og stramma inn. Målet er å ivareta allmenta sine interesser og å unngå uheldig bygging langs sjøen. I 100-metersbeltet skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Retningslinjene deler kysten inn i 3 områder. Det er strengast føringar der det er størst press på areala, mens det i mindre sentrale strøk er større rom for å vurdere utbygging gjennom kommunale planar.

Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)

Arbeidet med klimatilpassing skal bidra til at samfunnet blir betre rusta til å møte klimaendringane, gjennom å sikra at kommunar og fylkeskommunar unngår eller avgrensar risiko, sårbarheit og ulemper, og drar nytte av eventuelle fordelar som følge av endringar i klimaet.

Klimatilpassing handlar om å ta omsyn til både dagens klima og det framtidige. Klimaendringar vil påverke natur og samfunn både på kort og lang sikt. Å ta omsyn til klimaet og endringar i dette, saman med andre endringar i samfunnet, er avgjerande for å sikre ei berekraftig utvikling. Eit livskraftig og variert naturmiljø er mindre sårbart for endringar, og kan medverke til samfunnet sine tilpassingar. Omsynet til klimatilpassing verker saman med andre overordna og tverrsektorielle mål for samfunns- og arealutvikling.

Kommunane og fylkeskommunane skal i si overordna planlegging innarbeide tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar, der det også vert teke omsyn til effektiv ressursbruk for samfunnet. Dette bør inkludera tiltak mot avskoging, og eventuelt auka opptak av CO₂ i skog og andre landareal, og vidare sikre meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging i tråd med desse retningslinjene.

Rikspolitisk retningslinje for born og unge (1995)

Retningslinjene for born og unge er ei av Noreg si oppfølging av pliktene i FN sin barnekonvensjon og skal synleggjere og styrke born og unges interesser i all planlegging og byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Areal og anlegg som skal brukast av born og unge skal være sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare. I nærmiljøet skal det avsetjast tilstrekkelege, store nok og eigna areal til barnehagar. Ved omdisponering av areal som er i bruk eller eigna til leik, skal det stillast til rette ei fullverdig erstatning.

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (1994)

Retningslinjene gjeld vassdragsbeltet og eit område på opptil 100 meters breidde langs sidene av desse og andre delar av nedbørfeltet som har betyding for vassdraget sin verneverdi.

Dette inneber mellom anna å unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilete, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø. Friluftslivsverdien skal sikrast, særleg i område nær befolkningskonsentrasjonar. Det betyr også å sikre dei vassdragsnære områda sin verdi for landbruk og reindrift mot nedbygging der desse interessene var ein del av grunnlaget for vernevedtaket.

Kommunane har som planmyndigheit det primære ansvaret for utvikling av arealbruk i og ved verna vassdrag og skal leggje retningslinjene til grunn for planlegging.

Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging (2008)

Hensikten med retningslinjene er å oppnå samordning av bustad-, areal- og transport-planlegginga og bidra til meir effektive planprosessar. Retningslinjene skal bidra til eit godt og produktivt samspel mellom kommunar, stat og utbyggjar for å sikre god stad- og byutvikling.

Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikksikkerheit og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle berekraftige byar og tettstader, leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremje helse, miljø og livskvalitet. Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremje utvikling av kompakte byar og tettstader, redusere transportbehovet og leggje til rette for klima- og miljøvenlege transportformer. Jamfør klimaforliket er det eit mål at veksten i persontransporten i storbyområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange.

4.2 Regionale planar

4.2.1 Utviklingsplan for Vestland (2020 - 2024)

Utviklingsplanmål som er vurderte å ha betydning for planforslaget:

Utviklingsplanmål for Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Norge

- Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.
- Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
- Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
- Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

Utviklingsplanmål for klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

- Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.
- Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp

Utviklingsplanmål for lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

- Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
- Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
- Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester

Utviklingsplanmål for like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

- Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.
- Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.
- Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

4.2.2 Regional kulturplan for Hordaland (2015 – 2025)

Hovudføremålet med planen er å skape grunnlag for ein offensiv og langsiktig kulturpolitikk med føreseielege rammer, internt i fylket og i høve eksterne aktørar. Kultur er eit sentralisert politikkområde, og verkemidla er fragmenterte og lite samordna.

Kulturplanen gjev grunnlag for prioriteringar i den fylkeskommunale kultur- og idrettssatsinga og for den samla kulturpolitiske satsinga i fylket. Planen skal sikre mangfald, men også spissing av satsingar og verkemiddel. Planen bygger på regionale føresetnader og skal styrke Hordaland som kulturelt kraftsenter nasjonalt og internasjonalt. Eit viktig siktemål er å identifisere dei områda Hordaland kan posisjonere seg på. Kulturpolitikken skal setjast i verk der folk bur og der ressursane er.

4.3 Kommunale (overordna) planar

4.3.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) for perioden 2023-2035 viser korleis me vil at kommunen skal vere i 2035 og korleis me skal få det til.


Eit hovudmål er at "Vaksdal er ein attraktiv kommune for alle innbyggjarar heile livet". Samfunnsdelen seier at utvikling av stasjonsbyane ein prioritert oppgåve, og ein skal bruke moglegheiter som utbygginga av E16 og ny jernbane gjev og førebu og rigge kommunen for tida etter. Planen inneheldt fleire mål knytt til bustad- og sentrumsutvikling, miljøvenleg transport, nye næringar og auka tal arbeidsplassar.

4.3.2 Kommuneplanen sin arealdel

I kommuneplanen sin arealdel (KPA) for 2019-2031 står visjonen om eit bynært bygdeliv. Planen peiker på utvikling av stasjonsbyane, som naturleg vil følgje av den statlege utbygginga. Gode lokalmiljø med viktige funksjonar, møtepunkt og stadeigne kvalitetar er viktige kvalitetar som det er ønskjeleg å ivareta.

I KPA er planområdet avsett til ulike føremål, mellom anna bustad, kombinert byggeføremål, offentleg og privat tenesteyting, næring og LNFR.


Sentrale delar av planområdet er omfatta av gjennomføringssonene H810_3 (Vaksdal) og H810_4 (Boge mølle). Desse sonene stiller krav om at det skal etablerast områdereguleringsplan før tiltak som ikkje er i tråd med gjeldande reguleringsplan kan realiserast.



Figur 3: Kommuneplanens arealdel (KPA) for 2019-2031

Andre kommunale (overordna) planar

Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordaland vart vedtatt i 2023. Planen er på kommuneplannivå og gjeld sjøareala i kommunane Vaksdal, Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy.




Figur 4 Utsnitt av interkommunal plan for sjøareal i region Nordhordaland, 2023

4.4 Gjeldande, tilgrensande og overlappende reguleringsplanar

Gjeldande tilgrensande og overlappende planar er lista opp i tabellen på neste side, sortert etter planID (stigande årstall). Gjeldande reguleringsplanar før reguleringsplan for E16 og Vossebana er framstilt på eitt felles kart, mens reguleringskartet for den statlege planen er presentert for seg.


PlanID	Plannamn	Vedtaksdato
r1976004	Reguleringsendring av Rv 13	12.02.1976
r1981001	Tyttebærhaugen	29.06.1981
r1982001	Vaksdal del aust	12.02.1982
r1982002	Vaksdal del vest	10.02.1982
r1985001	Avkøyrslø Vaksdal Senter	16.07.1987
r1987003	Reguleringsendring Jamne	16.07.1987
r1988001	Jamnegarden	22.01.1988
r1989003	Reguleringsendring Vaksdal senter	13.02.1989
r1989005	Reguleringsendring for del av reguleringsplan for Jamnegarden	27.04.1989
r1992002	Jamnefjæra	19.04.1993
r1992003	Brualeitet	28.09.1992
r1992005	Gropa - Jamne	09.11.1992
r1993002	Jordmorbrekka	25.10.1993
r1993003	Del av Jamne, gnr.17 bnr 144	16.12.1993
r1993004	Del av Jamne, gnr.17 bnr 124	17.12.1993
r1994001	Vaksdalsgarden	27.06.1994
r1995001	Nedre Boge	26.06.1995
r1995002	Del av IN8 - Gnr. 14 bnr.79	18.12.1995
r1997004	Reguleringsendring del av Flordalen - gnr 17 bnr	22.09.1997
r1997005	Vaksdal skule	10.11.1997
r2000001	Trollkjelsvegen	19.06.2000
r2000002	Planovergangsanering Boge	06.11.2000
r2001001	Bogetunnel	18.06.2001
r2001004	Reguleringsendring Vaksdal del vest - Kaivegen	29.10.2001
r2007001	Fossdalsbakkane øvre	18.06.2007
r2008001	Kollhaugen, Jamne	23.06.2008
r2009002	Ny barnehage på Tveitane	21.11.2011
r2010001	Reguleringsplan for omregulering av deler av gnr 14 bnr 21,116,222 Vaksdal sentrum	22.03.2010
r2010004	Detaljregulering for del av Vaksdal stasjon	02.07.2012
r20150010	Vaksdal Vassverk	18.12.2017
Statleg plan	E16 og Vossebanen, Arna - Stanghelle	05.04.2022
r2023001	Endring av reguleringsplan for E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle, delområde Langhelleneset, Gamle Fossen / Fossmark, m.fl.	17.09.2024

4.4.1 Oversikt over gjeldende detaljplanar før statleg plan



Figur 5 Gjeldende reguleringsplaner


4.4.2 E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle, datert 24.11.2021 (revisjonsutkast etter offentlig høyring)



Figur 6 Utsnitt av plankart Vaksdal, Statleg plan E16 og Vossebanen

Statleg plan overlappar fleire andre gjeldande planar. Områda som er regulert til Bygningar og anlegg (mørkegul) skal tilbakeføres til gjeldande reguleringsfremål når planen er ferdigstilt.

Boge



Figur 7 Utsnitt av plankart Boge, Statleg plan E16 og Vossebanen


'I plankart og planomtalen er det gjort mindre endringar etter høyring av planen. Endringar framgår av plankart, tekst og figurar. Det gjeld mellom anna at Fossmark og Boge vert teke ut som lokalitetar for sjødeponi. Analyser og utgreiing' Planomtale, datert 24.11.2021 .

Ei rekke fagrapportar frå den statlege reguleringsplanen for E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle har vore grunnlag i planarbeidet. Desse er lista opp under kjelder.

Kommunens eigen kulturminneregistrering frå fyrste halvdel av 2012 har også vore eit viktig grunnlag for dette planforslaget.

5. Eksisterande situasjon

5.1 Planområdet



Figur 8 Planområdet,

5.2 Plasseringa av planområdet og grunnleggjande informasjon

Vaksdal er ein kommune og tettstad i Vestland fylke. Kommunen ligg mellom Bergen kommune og Voss herad, og er ein grensekommune mellom dei tre regionane Bergen og omland, Hardanger og Voss, og Nordhordland. Kommunen har lang utstrekning, frå Sørfjorden med grensa mot Bergen i sørvest til Stølsheimen i nordaust. Vaksdal kommune inngår i definisjonen «Bergensområdet», og er ein del av omlandet til Bergen by.

Samla areal for Vaksdal kommune er heile 715 km², der 682 km² av desse utgjer landareal. Næraste bysenter er Bergen, ca. ein halvtime unna med Vossebana eller ca. 45 min med bil langs E16. Med dobbeltspora jernbane vil reisetida med tog bli korta ned frå 30 til 15 minutt, og potensialet for dagpendling og ynskje om busetting i kommunen vil kunna auka. Til Voss tek turen 45 min både med tog og bil. Framføring av K5 mellom Stangelle og Voss er ikkje del av denne fasen.


I 2022 hadde kommunen 3867 innbyggjarar, kor 955 menneske var busette på Vaksdal (1. januar 2017 hadde kommunen 4123 innbyggjarar, kor 1009 menneske var busette på Vaksdal). Tettstaden Vaksdal er i dag kommunen sin nest største tettstad, etter kommunesenteret Dale.

5.3 Dagens arealbruk, tilstøytane arealbruk

Med sine 955 innbyggjarar per 2022, er tettstaden Vaksdal i dag den nest største tettstaden i kommunen, etter administrasjonssenteret Dale. Busetnaden på Vaksdal har i stor grad vakse fram som eit resultat av naturressursar, der industri og kraftverk er bygd ut. Då Vaksdal Mølle vart teken i bruk i 1870 og Vossabanen kom gjennom bygda i 1883 busette mange seg her. Grunna det bratte terrenget har hovudtyngda av busetnaden utvikla seg relativt konsentrert i bustadfelt rundt elvemunninga, i bratte dalsider, langs bygdevegane og i nærleiken av fylkesvegen. E16 er ein markert barriere som deler bygda i to. Mesteparten av bustadane er einebustader. Spreidd bustad- og gardsbusetnad dominerer innover Sædalen og på Boge. På indre Boge vaks det fram ein liten tettstad rundt Boge Mølle, og mange av arbeidarane ved mølla busette seg her. Nyare bustadfelt er etablerte aust for E16 og i lia ved Jamne (sjå figur under).

Vaksdal Mølle er etablert ut frå nærleiken til elva og sjøen. Dei nyare verksemdene har i større grad utgangspunkt i nærleiken til E16. Tett inntil E16 er det etablert eit lokalsenter for detaljhandel med Post i Butikk, bibliotek, pizzeria og pub, frisør og samfunnssal/gymsal.

Dei offentlege tilboda ligg spreidd rundt i tettstaden, med barneskulen på Vaksdalgarden, sjukeheimen på Jamne og idrettsplass og barnehage på Tveitane. Vaksdal skule er den største barneskulen i kommunen med rundt 100 elevar.



Figur 9 Dagens arealbruk

5.4 Staden sin karakter, bygnad og landskap

Vaksdal ligg i overgangen mellom to sterke landskapsområde, fjorden og fjellet, i eit kulturlandskap med stor variasjon. Fjordlandskapet som er dominerande i vest, og fjelllandskapet som byggjer seg opp og strekkjer seg austover er karakteristisk i denne landskapsregionen. Møtet mellom fjord og fjell skapar mange flotte kontrastar. Over halvparten av areala i kommunen ligg over 600 meter over havet. Mot aust og nord er det fjelllandskapet som dominerer, der kommunen grensar mot Voss i Hordaland og Vik i Sogn og Fjordane. I vest er det den smale Sørfjorden og Veafjorden som pregar landskapet.

Vaksdal er ein tettstad som har vakse fram i det vestlandske dal- og fjordlandskapet. Her har den karakteristiske vestlandsnaturen med fjord og fjell danna utgangspunkt for busetnad.

Dei mest karakteristiske elementa på Vaksdal er:

- Elva og fjorden
- Fjella og naturen
- Terreng og landskap
- Kulturmiljøet rundt industrihistoria

5.4.1 Elva og fjorden

Vaksdal ligg ved Sørfjorden, der bratte fjellsider dannar skarpe og markerte overgangar til fjorden.

Dei smale og buktande fjordane er karakteristiske for Vaksdal, og skapar varierte og spennande landskap. Høgreste og markante fjordsider utgjer storskala områder og dannar veldefinerte romlege avgrensingar. Nærleiken mellom fjordsidene gjev særskilde store landskapsopplevingar, der vegetasjon og kulturpreg kjem tett på.

I botnen av den tronge og frodige dalen renn Vaksdalselva. Elva deler tettstaden i ein søre og ein nordre del, og er eit viktig karaktertrekk og ein identitetsfaktor i opplevinga av staden.

I dei tronge og krunglete dalføra er landskapsromma mjuka opp av tjukke is- og elveavsetnadar.

5.4.2 Fjella og naturen

Det høgstliggande landskapet i kommunen, mellom 800 og 1200 meter over havet, er karakterisert av store samanhengande høgfjellsområde. Dei nakne fjellflatene gjev landskapet eit skrint uttrykk. Dei mange små og store vatna er karakteristisk for området. Frå nokre av dei høgaste fjelltoppane kan ein få vidt utsyn, både til bremassiva i aust og skjergarden og ope hav i vest. Bustadar som klatrar opp dei bratte fjellsidene er karakteristiske for denne landskapsregionen. Skogkledde dalsider dannar ei samanhengande grøn ramme rundt tettstaden.

Terreng og landskap

Vaksdal tettstad ligg på deltaet ved utløpet av daltrakta, og vender seg gradvis mot det opne fjordlandskapet i vest. Daltrakta har fleire ulike terrengnivå frå dalbotnen og opp mot Lyhammaren i nord og Bogafjellet i søraust, avgrensa av brattkantar med stigning over 1:4. Dagens senter ligg på den lågaste flaten i dalsøkket rundt 38 meter over havet. Busetnaden elles fyller i stor grad ut dei andre flatene som ligg som terrassar i den nedre delen av dalsidene.

5.4.3 Kulturmiljøet rundt industrihistoria

Jordbruk var det opphavlege næringsgrunnlaget i bygda, og ein ser endå nokre lysopne jordbruksområde som er i drift. Kulturmiljøet i tilknytning til Vaksdal mølle er eit karakteristisk blikkfang i fjordlandskapet, og er ein viktig identitetsfaktor i tettstaden. Spesielt Trollkjelen regnes som et kjent landemerke for Vaksdal, med murdam, vasspegel og fossefall. Dammen frå 1880 ligg sentralt til i bygda, og er godt synleg frå Trollkjelsvegen, fjorden og Bergensbana.

5.5 Soltilhøve og Lokalklima

Området har eit maritimt klima, med mykje nedbør, relativt milde vintrar med lite frost og høg luftfuktigheit, samt vekslande vêr.

5.5.1 Nedbør

I den ytre delen av planområdet, på Vaksdal og Boge, kan det koma mellom 2000 og 3000 mm nedbør i året, medan nedbøren innover Sædalen kan liggja på 3000 - 4000 mm. I fjellområda kan det koma over 4000 mm. I den indre og

høgareliggjande delen av området fell mykje av nedbøren som snø. I dag har Vaksdal omtrent 133 skidagar en vanlig vinter. Det betyr dagar med minst 20 centimeter snø på bakken.

5.5.2 Sol og lystilhøve

Det er gode soltilhøve langs fjordsida, og når sola skin reflektera fjorden mykje lys. I den tronge Sædalen kan det bli mindre sol og varme, og sommartemperaturane er difor relativt låge her.

Temperatur

Gjennomsnittleg årstemperatur ligg på 6-8 grader. Gjennomsnittleg sommartemperatur er 14,2 grader, og vintertemperatur 1,8 grader.

5.5.3 Vind

Vindretning som fører med seg nedbør kjem frå sørvest. For nedbør som snø er det i tillegg ein dominerande vindretning frå nord/ nordvest. Vinden fylgjer i stor grad retning på fjorden, og landskapet fører til kanalisering av vinden. Dominerande vindretning er frå sørvest om sommaren og nordaust på vinteren.

5.6 Kulturminne og kulturmiljø

Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for kulturminner, med utsjekk i ulike databasar, samt Vaksdal Kommune si kulturminneregistrering.

5.7 Naturmangfald

Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for tema naturmangfald, der det er gjort ei utsjekk i høve til naturmangfaldlova.

5.7.1 Naturtypar og verneområde

Vurderinga av viktige naturtypar er bygd på kartleggingar gjort i samband med statleg plan for E16 og Vossebana. Det er registrert fire naturtypelokalitetar, jf. DN-handbok 13.

Det er noko jordbruksareal i drift, flaumskogmark langs elvebreidda og i små øyer i elvelaupet og beiteskog i Tolåsen i tillegg til at elvelaupet er ein raudlista naturtype.

Det er i tillegg registrert nokre NiN-naturtyper som ble verdisatt til *noko verdi*:

- Lokalitet 18: dominerte grunntypene svakt kalkrik eng med mindre hevdpreg.
- lokalitet 25, 30, 33 og 34: intermediær eng med mindre hevdpreg
- lokalitet 26, 29 og 31: kalkfattig eng med mindre hevdpreg
- lokalitet 28: plantasjeskog
- lokalitet 21, 23 og 32: engaktig oppdyrka mark

5.7.2 Raudlista artar og artar av nasjonal forvaltningsinteresse

Det er registrert 16 artar innanfor planområdet som enten er raudlista eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse. Mellom desse er det 10 fugleartar og 3 fiskeartar. (ref. KU naturmangfold og vannmiljø)

5.7.3 Framande artar

Registreringar i Artskart viser at det nokre få observasjonar av framande skadelege artar i planområdet, totalt 7. Det er ikkje gjort befarig for å kartlegge dette vidare i samband med planarbeidet.

5.8 Landbruk / naturressurser

Jordbruk var det opphavlege næringsgrunnlaget på Vaksdal, og ein ser endå nokre få attverande jordbruksflater som er i drift. Småskala landbruksområde pregar landskapet på dei flataste partia i dalbotnen, langs delar av fjordsidene og på elvedeltaa. Spreidd bustad- og gardsbusetnad dominerar på Boge, med landbruksareal i lisidane.

Skogspreget er dominerande i fjellsidene ned mot Sørfjorden og daltrakta. Skogkledde dalsider danner ei samanhengande grøn ramme rundt tettstaden Vaksdal. I den lågaste delen av området er lauv- og furuskog det typiske, medan lauvskogen dominerar i dei solvarme og bratte liene ved Sørfjorden. Furu er vanleg på dei meir

tørre og skrinne områda. I den indre delen av planområdet, Sædalen, har landskapet meir preg av høgheii og fjell. Lauv- og blandingsskog i mosaikk med skinn lyngheii eller fuktheii går over i snaumark.

5.9 Trafikkforhold

5.9.1 Veg og jernbane

Fjorden har alltid vore ei viktig åre for ferdsle og transport. På grunn av Vaksdal sin nærleik til fjord og fjell har tettstaden vore eit viktig knutepunkt opp gjennom historia. Dei bratte landskapstilhøva har gjort at dei første bygdevegane vart etablerte langsetter fjordsida og dalbotnen. Dei var med på å binde saman bygdene langs fjorden og i dalen med tettstaden. Dei viktigaste bygdevegane innanfor planområdet er Sædalsvegen, Bryllaupshaugen langs fjorden nordover til Skreidi og Bogavegen til Boge i sør. Vegen er ein tydeleg premissgjevar for busettingsmønsteret på Vaksdal, og i dei seinare åra har vegsambandet blitt forbetra med til dømes Jamnetunnelen og Bogetunnelen som erstatta tunnelane Utsiktstunnelen og Kvitaskarvtunnelen. E16 gjennom tettstaden er ein sentral korridor for ferdsle mellom aust- og vestlandet. Vegen har ein betydeleg del tungtrafikk, og høg del privatbiltrafikk til pendling. I 2022 hadde E16 ein årsgntrafikk (ÅDT) på 5782.

Jernbanen knyter bygda til dei større byane og regionsenter, og fungera som ei vital åre for liv og utvikling i bygda. Vaksdal stasjon er framleis eit viktig knutepunkt langs Vossabanen, med togavgangar omlag ein gong i timen på dagtid, omlag 20 avgangar dagleg. Det går både regionalbuss og langdistansebuss gjennom Vaksdal (E16), med omlag 6 daglege avgangar i kvar retning. Bussane stoppar også på Ytre Boge.

Bilbasert transport pregar området i dag. E16 er sentralt plassert i tettstaden, og fylkesvegen er den einaste vegen som bind saman bustadområda i aust og vest. I tillegg er Fv5408 vegen frå E16 til Vaksdal Mølle og Felleskjøpet sine produksjonslokale ved Sørfjorden. Det er svært mykje tungtransport gjennom dagens sentrumsområde på Vaksdal.

Hovuddelen av vegnettet på Vaksdal består av vegar som tener bustadane som er bygde på grusterrassane og i dalsidene. Dei følgjer dei ulike terrengnivåa så godt det let seg gjera. På Jamne vert bustadvegane førte ned til elva og sentrum, der dei koplar seg til fylkesvegen og vidare til E16. Frå sør, nord og aust koplar også dei gamle bygdevegane seg til fylkesvegen. I 2021 hadde Fv5408 ein ÅDT på 1500. Dei mest trafikkerte bustadvegane er Jamnevegen og Jamne som ligg på 300 ÅDT.

Jernbanen følgjer terrenget langs Sørfjorden. Lokaltra Bergen-Voss-Myrdal har stopp på Vaksdal stasjon. Bussen følgjer E16, med samband til Bergen og Voss.


Støybelastinga i tettstaden stammar i all hovudsak frå vegtrafikk. Det er særleg langs E16 og Fv5408 at støynivået overstig 65 desibel (raud sone), som er grenseverdien for bustader.

5.9.2 Gange og sykkel

Vaksdal har enkelte hovudforbindelsar for gåande og syklande, og fleire gangvegar/snarvegar og smett. Frå bustadområda er det få samanhengande gang- og sykkelvegar til sentrale målpunkt som skule, nærbutikk og jernbanestasjon.

Vaksdal har ikkje hovudsykkelrute, og det er berre langs Fv. 5408 mellom jernbanestasjonen og busstoppa ved E16 at det er etablert fortau. Fleire av bustadgatene har lite trafikk og låg fart. Bustadvegane spelar difor ei viktig rolle som ferdsleårar for gåande og syklande. Jernbanen og E16 framstår som barrierar, men overgang ved togstasjonen og undergangar under E16 sikrar kryssing. Elva kan også opplevast som ei barriere, då den manglar gode kryssingar for mjuke trafikantar.

Frå den øvre delen av bustadområda er det markerte stiar for turgåarar opp til utsiktspunkt i fjella. Det er derimot vanskelegare å kome seg ned til og langs sjøen, særleg på Jamne, då jernbanen skapar ei tydeleg barriere mellom bustadområda og strandsona.



Figur 10 Gangavstandar i tettstaden Vaksdal

5.10 Rekreasjonsverdi / rekreasjonsbruk, uteområde

Den grønne strukturen i tilknytning til Vaksdalselva er tydeleg i landskapsbiletet, men sjølv elva er mindre synleg, særleg der elva renn gjennom sentrum. Elva er i dag lite tilgjengeleg for opphald og gange både på langs og på tvers. Dette kan skuldast bratt terreng, manglande tilrettelegging og privatisering. Naturen som omkransar tettstaden er framtrедande i opplevinga av dalrommet. Innanfor det utbygde området er det derimot mindre av grønne opphald- og rekreasjonsareal. Dei grønne områda her er få, usamanhengande og oppdelte. Vaksdal har også ei lang kystline som vender seg mot fjorden, men også denne er vanskeleg tilgjengeleg.

Det er etablert fleire turveggar som startar frå bustadområda og som strekk seg opp og inn i fjellområda. Fleire stiar i smale smett mellom bustadar gjer at ein kjem raskt opp til naturområda i fjella og til ulike andre målpunkt. I tillegg, fungerer vegane som fine turveggar, særleg vegane til Skreidi, Herfindalen og Boge der trafikkmengda er låg.

Det finst fleire rekreasjons- og friluftsområde i Vaksdal kommune:

5.10.1 Sildastadskjæret

Dette arealet er Vaksdal sin badestrand, på folkemunne også kalla «Playa del Sildastadskjæret». Området er mykje brukt til leik og rekreasjon av barnehage, born og unge. Det er opparbeidd med benker, stupebrett, toalett og har ei fin fjøre å vasse i. På stranda er det køyrt ut skjelsand, og saman med bru og skjær er badevika godt skjerma. Mange går tur i området, og sjølv om det er et badeområde, vert arealet brukt året rundt. Det er ikkje parkering, noko som er ei utfordring. I Naturbase er områdeverdien vurdert som «svært viktig».

5.10.2 Jamnasåta

Området er brukt av mange. Jamnasåta har både lokal og regional betydning og er attraktivt for fleire. Friluftsområdet er registrert som kategori B, viktig friluftsområde, i Naturbase. Dette er eit turområde med fleire merke turstiar, egna for både kortare og lengre turar. Ein kan starte både frå Jamne og Tveitane og til dømes gå til den gamle stølplassen Tjønhaugen eller Jamnesåta, eller fortsette vidare innover fjellet.

5.10.3 Vaksdal kyrkje og Blåfjellet

Området er startstad for turveg til viktig friluftsområde. Blåfjellet brukas av fleire og har lokal betydning. Friluftsområdet er attraktivt for nokre grupper. Bak Vaksdal kyrkje går det ein sti opp til Blåfjellet. Området er merkt av i både barnetråkkregistreringar og i Naturbase. Blåfjellet er registrert i Naturbase som eit viktig friluftsområde. Området rundt kyrkja er også prega av å være eit rekreasjonsområde med blant anna ein veg vidare sørover til Bogo, som òg vert nytta som turveg. Det er også god utsikt frå kyrkja utover fjorden og delar av bygda. Friluftslivsområdet har middels brukarfrekvens, opplevingskvalitetar og symbolverdi.

5.10.4 Parken

Parken/Mølleparken er ein park eid av Vaksdal mølle. Området vert brukt av fleire og har relativt høg brukarfrekvens. Parken har lokal betydning for aktivitetar som bading, leikeområde – og aking om vinteren. Friluftsområdet er attraktivt for fleire og er registrert som svært viktig friluftsområde i Naturbase. Her er tilrettelagde grusveggar og ei lita badevik med grasplen/-slette og rullesteinsstrand. Når det er snø om vinteren vært ei grasmark nytta som akebakke. Det er parkeringsplass ved badevika, men ein kan også gå på gangveg frå Vaksdal stasjon. Det er mogleg å gå ein rundtur i området, der det mellom anna er bygd eit leikehus som ser litt ut som eit Kråkeslott, og ein finn den gamle direktørbustaden frå Vaksdal Mølle. Området er nytta av lokale og brukt av småskulen som ligg rett i nærleiken.

5.10.5 Bogavatnet

Området vert brukt av mange. Området har både lokal og regional betydning og er attraktivt for fleire. Friluftsområdet er registrert som svært viktig friluftsområde, i Naturbase. Frå Boge og opp til Bogavatnet går det ein mykje brukt trenings- og tursti (over 1 300 personar signerte i turboka på toppen i 2014). Ein kan følge ein grusa anleggsveg heilt opp til vatnet, eller gå ein parallell gamal sti oppover. Den siste delen er til dels svært bratt, og vert kalla Monsterbakken. Anleggsvegen høyrer opphaveleg til gamle Boge Mølle, og har ei røyrgate inne i seg. Vegen ender ved ein gråsteinsmura stemme og eit inntakshus for kraftverket. Bogevatnet er også reservevasskjelde for Boge og Vaksdal. Frå toppen er det fin utsikt, og bord og benkar for dei som nyter friluftslivet. Der er også ein turpostkasse der ein kan signere i turboka. Rundt Bogavatnet og vidare inn i fjellområda går fleire stiar, og det er hytter i området.

5.11 Born og unge sine interesser

Dei offentlege tilboda for born ligg spreidd rundt i tettstaden, med barneskulen på Vaksdalsgarden - sørvest for Vaksdal senter og barnehage på Tveitane ikkje langt unna idrettsplassen. Vaksdal skule er nyleg oppgradert, med nytt skulebygg, tilrettelagt for inntil 110 elevar fordelt på 1-7 klasse. Skulen har mange moglegheiter, med areal for musikk, dans og drama, forskarrom, spesialrom for sløyd, tekstil og keramikk m.m. Skulen har og ein viktig funksjon som samlings- og møtestad for lokalsamfunnet. I Barnetråkk frå 2022 peiker fleire born på skulen som ein fin bygning og ein fin møteplass. Elevar frå 8.-10. klasse går på ungdomsskule på Dale, som samlar alle ungdomsskuleelevene i kommunen.

Vaksdal barnehage er moderne og ligg fint til på Tveitane, godt skjerma for trafikk og støy frå hovudvegen. Uteområdet til barnehagen er også mykje brukt som leikeareal utanfor opningstida. Barnehagen har born frå 1-5 år. Barnehagen er også ein populær plass å møtast for å leike og spele ballspel. I tillegg er det idrettsplass i området, og det er gode turmoglegheiter oppover Sædalen, Herfindalen og elles rundt på Vaksdal.


Parken/Mølleparken er også populær blant dei unge. Borna peker på Parken som ein fin plass å klatre, leike og møte vener. Her fins også badeplassen kalt Kolakaien, ei opparbeida sandstrand vest i Parken. Badeplassen Sildastadskjæret, nord i Vaksdal, er også populær for symjing og ein fin plass å vere i følge dei unge.

Vaksdal har i dag utfordringar knytt til vegsystem og trafikktryggleik i bygda, og særleg i høve til tungtransporten til og frå mølleområdet både på nord og sørsida. Det er tronge vegar og mykje transport, og samstundes er delar av strekningane skuleveg og veg til idrettsplassen og barnehagen. Gjennom Barnetråkk peker borna på støy og trafikktryggleik som utfordringar på og rundt mølleområdet.

Vaksdal har aktive lag og organisasjonar, som Vaksdal idrettslag og Vaksdal Røde Kors (med eige klubbhus). På Krekane ligg idrettsplassen, og dette er eit viktig samlingspunkt for dei unge i bygda. Idrettsplassen har stor kunstgrasbane, tennisbane, klubbhus og tribuner, og er ein møtestad for mange born og unge. Der eit stort tilbod innan fotball for både jenter/gutar og i ulike aldersgrupper. Idrettslaget har også treningar i Vaksdal samfunnshus/gymsal. Idrettslaget driv ei rekkje aktivitetar for både store og små. I tillegg vert det arrangert turar og andre friluftslivsaktivitetar. Anlegget er i bruk av Vaksdal idrettslag og andre i bygda utanfor oppsette treningar. Anlegget har flaumbelysning og kan brukast heile året.

Barnetråkkregistrering

Det er gjennomført barnetråkkregistreringar i Vaksdal kommune våren og hausten 2022. For Vaksdal er det gjort registreringar med born i 5. og 7. trinn.



Figur 11 Barnetråkkregistreringar på Vaksdal, 5. trinn

Barnetråkkregistreringa peiker på Vaksdal senter som ein viktig møtestad for born og unge. Ein bibliotekfilial er også her, med arrangement som treff med forfattarar, bokoppleying og meir. Vaksdal samfunnshall ligg vegg i vegg med Vaksdal senter i sentrum av bygda og er i bruk til både idrett, festlege lag og konsertar. Elevane frå barneskulen har også gymtimane sine her. Rundt på Vaksdal er det fleire aktivitetshus, med store og små arrangement gjennom året.

Barnetråkkregistreringa peiker på at Boge har fin natur og fine turstiar. Enkelte stader kan det vere litt skummel å gå, og nokon nemner at det er mørkt der.

5.12 Offentleg og privat servicetilbod

Vaksdal har i dag eit lite sentrum med begrensa tilbod. Sentrum ligg på eit lite platå nært inntil elva. Tett inntil dagens E16 er det etablert eit lokalsenter for detaljhandel med post i butikk, tannlege, bibliotek, pizzeria og pub, frisør, bensinstasjon og samfunnssal/gymsal. Rett nord for senteret liggje den nyåpna brannstasjonen. Dei andre offentlege funksjonane som skule, idrettsanlegg, barnehage og sjukeheim er plasserte utanfor sentrumskjerna. Mange av tilboda er skildra i kapittel 5.10 i samband med born og unge sine interesser. I tillegg ligg Vaksdal innanfor kort reiseavstand til Voss og Bergen, som har mange service- og tenestefunksjonar.

5.13 Universell tilgjengelegheit

Det bratte terrenget gjer det krevjande å bygge estetisk og funksjonelt utforma vegar med gode stigningstilhøve for køyrande og universell utforming for gåande. Høgdeforskjellar gjer det vanskeleg å oppnå universell utforming mange stader.


5.14 Grunnforhold

På karttjenesta til Norges geologiske undersøkelser (skrednett.no) er det merka av fleire skredhendingar (steinsprang, leirskred, jordskred, flomskred eller snøskred). Store delar av planområdet ligg innanfor område med marin leire, men det er ikkje registrerte område med fare for kvikkleire innanfor planområdet.


Det føreligg ein fagrapport for skredfare som er utført for statleg plan, der delar av planområdet for områdeplanen er kartlagt.

5.15 Støyforhold

Basert på utgreiingar frå statleg reguleringsplan for E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle er det tydeleg at Vaksdal har utfordringar med støy i dagens situasjon. Etter utbygging av ny Europaveg og jernbanetrasé vil støybiletet forandre seg, men framleis være utfordrande. Som ein del av utbygginga vil det bli iverksett støyreduserande tiltak.




Figur 12 Støykart Vaksdal, eksisterande situasjon



Figur 13 Støyskart Vaksdal, etter utbygging av statleg plan

5.16 Forureining (Grunn, vann og luft)

Det er ei registrering knytt til forureina grunn innanfor planområdet. Ved ein nedlagt skytebane på Tveitane er det mistanke om at det kan vere kobbar og bly frå ei nedlagt skytebane.



Figur 14 Forureining i grunnen, miljøstatus.no

Mogleg forureining i grunnen markert med rosa figur, i utklipp frå miljøstatus.no.

5.17 Samiske interesser

Det er ikkje identifisert samiske interesser innanfor dette planområdet.

6.2 Reguleringsføremål – oversikt

REGULERINGSFØREMÅL (PBL §12-5)	NEMNING	STORLEIK (daa)
Nr. 1 Bygningar og anlegg		622,7 daa
<i>Bustader</i>	B	449,2 daa
<i>Garasjeanlegg for bustader/fritidsbustader</i>	BGF	1,5 daa
<i>Sentrumsføremål</i>	SF	17,0 daa
<i>Barnehage</i>	BH	6,2 daa
<i>Undervisning</i>	UN	6,1 daa
<i>Forsamlingslokale for religionsutøving</i>	REL	4,3 daa
<i>Helse/omsorgsinstitusjon</i>	HOM	7,5 daa
<i>Næring</i>	NÆ	36,9 daa
<i>Idrettsanlegg</i>	IDR	18,9 daa
<i>Vass- og avlaupsanlegg</i>	VA	0,1 daa
<i>Vassforsyningsanlegg</i>	VF	2,0 daa
<i>Øvrige kommunaltekniske anlegg</i>	ØK	1,7 daa
<i>Uthus/naust/badehus</i>	UNB	18,8 daa
<i>Uteoppfallsareal</i>	UTE	1,9 daa
<i>Leikeplass</i>	LEK	5,3 daa
<i>Grav- og urnelund</i>	GU	7,3 daa
<i>Kombinert byggje- og anleggsføremål</i>	KBA	35,8 daa
<i>Angitt byggje og anleggsføremål kombinert med andre angitte hovudføremål</i>	BAA	2,1 daa
Nr. 2 Samferdselsanlegg og infrastruktur		245,1 daa
<i>Veg</i>	V	82,5 daa
<i>Køyreveg</i>	KV	12,7 daa
<i>Fortau</i>	FO	1,6 daa
<i>Gang-/sykkelveg</i>	GS	4,9 daa
<i>Gangveg/gangareal/gågate</i>	GG	5,0 daa
<i>Annan veggrunn – tekniske anlegg</i>	AVT	16,4 daa
<i>Annan veggrunn - grønt</i>	AVG	35,3 daa
<i>Bane (nærare angitt baneføremål)</i>	BAN	24,5 daa
<i>Trase for jernbane</i>	JB	2,4 daa
<i>Parkering</i>	P	6,5 daa
<i>Kombinerte føremål for samferdsleanlegg og/eller teknisk infrastruktur</i>	BAA	12,5 daa
<i>Angitt samferdsleanlegg kombinert med andre angitte hovudføremål</i>	SAA	40,9 daa

Nr. 3 Grønnstruktur		94,1 daa
<i>Naturområde</i>	NA	21,1 daa
<i>Turveg</i>	TV	3,9 daa
<i>Frrområde</i>	FRI	69,1 daa
Nr. 5 Landbruk-, natur- og friluftsføremål, samt reindrift		996,9 daa
<i>LNFR areal for naudsynthe tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag</i>	LNFR	988,2 daa
<i>Landbruksføremål</i>	L	8,6 daa
Nr. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone		265,3 daa
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	BSV	103,1 daa
Hamneområde i sjø	HOS	37,6 daa
Småbåthamn	SH	3,7 daa
Naturområde i sjø og vassdrag		32,2 daa
Friluftsområde i sjø	FV	88,8 daa
SUM AREALFØREMÅL		2 224,1 DAA
PBL §12-6 Omsynssoner		
<i>H140 Frisikt</i>	<i>H140</i>	0,7 daa
<i>H310 Ras- og skredfare</i>	<i>H310</i>	1608,2 daa
<i>H320 Flaumfare</i>	<i>H320</i>	132,3 daa
<i>H370 Høgspenningsanlegg, inkl. høgspenkablar</i>	<i>H370</i>	49,9 daa
<i>H570 Bevaring kulturmiljø</i>	<i>H570</i>	96,3 daa
<i>H730 Bandlegging etter lov om kulturminne</i>	<i>H730</i>	0,5 daa
SUM OMSYNSSONER		1 888,0 DAA
PBL §12-7 Føresegnsområde		
<i>2- Vilkår for bruk av arealer, bygningar og anlegg (Statleg plan)</i>	#1	201,4 daa

6.3 Om tiltak og planskisse

6.3.1 Utviklingsområda i områdeplanen


Tiltak for bane og veg er avklart gjennom vedtatt reguleringsplan for E16 og Vossebanen, Arna – Stanghelle.

Områdereguleringa for Vaksdal opnar opp for fortetting av område i nær tilknytning til det nye stasjonsområdet. For store delar av desse områda vert det stilt krav om detaljregulering før utbygging. Detaljreguleringar er prosjektspesifisert, og difor vil detaljar som utnytting av areal, byggjehøgde, byggjereinsar, tilkomst og estetikk måtte bli tematikk i framtidige planar. Områdereguleringa legg opp til utbygging av nokre nye areal, i tillegg til at ein vidarefører eldre gjeldande planar som ikkje er bygd ut. Som følge av nye krav og låg etterspørsel har det vore vanskeleg å få realisert dei eldre planane, og det forutsett ny detaljregulering for nokre av desse områda også.

Følgjande delområde utgjer nye tiltak i områdereguleringa:

1. Utbygging til bustadføremål Nethovdane
2. Utbygging til næringsføremål Tolåsen
3. Utbygging til bustadføremål ved Vaksdal kyrkje
4. Fortetting og transformasjon Vaksdal sentrum
5. Fortetting og transformasjon Krekane
6. Transformasjon og endringar av eksisterande jernbane inkl. Vaksdal stasjon
7. Videreføring eldre regulering Perabakkane
8. Videreføring eldre regulering Svena
9. Detaljregulering Boge mølle

6.3.2 Tiltakskart



Figur 16 Tiltakskart Vaksdal områdeplan

6.3.3 Bustadpotensiale

Planen legg til rette for at ei rekke område som i dag ikkje er utbygd kan byggast ut med bustader eller fortettast med ny utnytting, eventuelt i kombinasjon med andre føremål. Dei fleste områda avsett til utbyggingsområde innanfor planområdet er allereie regulert til bustad frå før, eller til andre føremål. To område er utbyggingsområde som ikkje er realisert. Oversikten under er ei oversikt over grunnareal for slike område som er skildra som utbyggingsområde vidare i planomtalen og deira skisserte utbyggingspotensial. I tillegg kjem fortettingspotensial i område som er regulert og utbygd til bustadføremål, og der det framleis er nokre ubygde tomter.

FELT	Grunnareal	Skissert tal bueiningar	Bustadkapasitet (e. uteopphald)	Kommentar (skisserte bustader per daa)
Ledige tomter Sædalen		2	(ikke berekna)	Vaksdal vassverk
Ledige tomter Vaksdalsgarden		12	(ikke berekna)	
Ledige tomter Jamne		11	(ikke berekna)	
Ledige tomter Tveitane		13	(ikke berekna)	
Ledige tomter Boge		14	(ikke berekna)	
B6 - Jamne		2	(ikke berekna)	
B16 - Jamnevegen	2480	24	20	Ca. 10,0 bustader/daa
B20 - Svena	12400	12	(ikke berekna)	Ca. 1,5 bustader/daa
B33 - Nethovdane	3300	7	(ikke berekna)	Ca. 2,1 bustader/daa
B42 - Brualeitet	4700	20	24	Ca. 5,3 bustader/daa
B44 - Krekane	3500	28	24	Ca. 6,7 bustader/daa
B65 - Gardstunfortetting		3	10	Ca. 1,9 bustader/daa
B82 - Vaksdal kyrkje	2700	6	10	Ca. 2,2 bustader/daa
B86 - Perabakkane	15850	33	40	Ca. 2,7 bustader/daa
KBA2 - Jamne barnehage	3600	24	28	Ca. 1,0 bustader/daa
KBA3 - Nethovdane	19850	55	93	Ca. 2,7 bustader/daa
KBA4 - Krekane	5000	40	36	Ca. 8 bustader /daa
KBA5 - Brualeitet	5160	41	(ikke berekna)	*Ved 80% BRA bustad, ca. 8 bustader /daa
SF - vaksdal senter	17000	140	99	
SAA – omdisponering jernbane	Ikkje medrekna			
SUM	106240	487		
EKSISTERANDE bustader		509		
TOTALSUM		996		AUKE: 95,7%

Eventuelt potensiale for eplehagefortetting utover tal bustader over er ikkje medrekna.

6.3.4 Nytt næringspotensiale

Omfanget av nytt næringsareal skal i stor grad avgjerast i detaljplanar. Tabellen under gir ei oversikt over felta med potensiale for etablering av ny næring.

FELT	Grunnareal	Forretning	Annan næring	Tenesteyting
KBA2 - Jamne (barnehage)	3600	NEI	NEI	JA
KBA4 - Krekane	5000	NEI	JA	NEI
KBA5 - Brualeitet	5160	NEI	JA	JA
NÆ1-2 – Vaksdal mølle	32000	JA (opptil 200 m²)	JA (opplevingscenter)	NEI
NÆ3 - Tolåsen	4850	NEI	JA (skissert 2000)	NEI
SF - Vaksdal senter	17000	JA (skissert 5000)	JA (skissert 5000)	JA


6.4 Dimensjonering av grønnstruktur og leikeareal med tanke på det totale bustadpotensialet

Leikeareal er dimensjonert i planforslaget med 25m^2 per bueining som skal etablerast på felles område ved bygging av 4 eller fleire bueiningar. Arealet skal opparbeidast med tilpassing til småbarn, men kan også tilpassast større aldersgrupper, der arealet tillet dette. Overslaga under viser korleis dette arealet kan nyttast i ulike typar byggjeprojekt, basert på storleiken bustadpotensialet i dei ulike byggjefelta frå tabellen i kap. 6.4.3. Som grunnlag for overslaga er det nytta døme frå leikeplassnorma til Ålesund kommune.

Overslag over areal til leikeplassar basert på ulike typar bustadprosjekt:


For 10 bueiningar: Krav om $25 \times 10 = 250\text{m}^2$ areal som skal avsettast til leik i tillegg, dvs eit nær-leikeareal for småbarn på til saman 250m^2 .

For 50 bueiningar: Krav om $25 \times 50 = 1\,250\text{m}^2$ leikeareal, dvs ca. 2 nær-leikeareal på til saman 400m^2 + eit leikeareal nærleikeplass tilpassa litt større barn på ca. 850m^2 (liten strøksleikeplass/kvartalsleikeplass)



Figur 17 Dimensjonering og døme på arealbruk for liten kvartalsleikeplass, 750m^2 , for inntil 50 bueiningar, maksimalt 100m avstand, 2 nær-leikeareal

For 140 bueiningar (Vaksdal senter): Krav om $25 \times 140 = 3500\text{m}^2$ leikeareal, dvs. ca. 6 nær-leikeareal ($200\text{m}^2/25\text{bueiningar}$) til saman 1200m^2 , + eit leikeareal for kvartalsleikefelt på til saman 2300m^2 , noko som er ein kvartalsleikefelt med rom for ballbanefunksjonar i tillegg til leikeareal tilpassa litt større barn, i hovudsak 6-13 år.



Figur 18 Dimensjonering og døme på arealbruk for stor kvartalsleikeplass 2250m², for inntil 300 bueiningar, for opp til 150m avstand. I tillegg kjem nær-leikeareal

Grønnstruktur med tanke på område for turmogelegheiter og rekreasjon er ivaretatt i områdeplanen gjennom regulering av friområde, kantsone til vassdrag og auka tilgjenge til strandsona, samt idrettsbana med tilhøyrande friområde og skulen sitt uteområde, opparbeidd med leikeapparat

Leikeplassnorma til Ålesund kommune dimensjonerer eit Sentralt leikefelt på minimum 6000m² for opptil 1200 bustader (i nye prosjekt), og med maksimal avstand på 500m frå bustadene. Arealbruken i eit sentralt leikefelt vil ha rom for alle aldersgrupper, samt ballfelt. Store delar av Vaksdal sentrum ligg i under 500 m avstand til idrettsbana, med ca. 10 000 m² ballbelt. Skulen sitt uteareal, opparbeidd med leikeapparat for born i skulealder, dekkjer det meste av sørlege sentrumsområda. Den nordre delen av Jamne ligg lengre unna enn 500m til begge desse areala for programmerte aktivitetar (ballbane og leikeapparat), men innanfor 500 m avstand til FRI20 (med akebakke), FRI15-16, FRI1 (med bade plass), samt grønnstruktur langs vassdrag.

Utbygginga på Boge er i stor grad skissert med låg tettleik, og kan ha potensiale for eitt opparbeidd leikeareal om kan tene nærområdet ved detaljregulering av KBA6, sjå kap. 6.8.5.

6.5 Utnytting, plassering og utforming av bygg

Grad av utnytting:

Grad av utnytting er gjeve gjennom føresegner til arealføremål, til byggjehøgde, bygningstype og krav til uteopphaldsareal. For område med krav om detaljregulering skal grad av utnytting konkretiserast gjennom planprosessen.

Plassering av bygg

Bygningar skal plasserast i samsvar med byggjegranser gitt i områdeplanen.

Byggjehøgde

Føresegner for byggjehøgde er gitt innanfor kvar hovudkategori. For nye områder skal byggjehøgde avklarast i detaljregulering. Elles er det gjeldande lovverk som gjeld.

6.6 Bustadområde og bukvalitet

Potensialet for bustadutbygging er regulert som bustadføremål, kombinerte byggjeføremål (KBA), og innanfor sentrumsføremål (SF). Dette kapitelet skildrar bustadføremålet i områdeplanen, er delte inn i område for 1) bustader, og 2) konsentrerte småhus og 3) konsentrerte bustader.

- 1) **Bustader** er småhus, oppført som einebustader, kjedehus og fleirbustadhus.

- 2) **Konsentrerte småhus** er sammenbygde småhus, kjedehus og rekkehus og fleirmannsbustader eller låge leilegheitsbygg
- 3) **Konsentrerte bustader** inkluderer småhus, kjedehus, rekkehus, fleirmannsbustader og lågblokker.

Vidare vert tiltaksområde (enkelte felt) som er endra vesentleg frå opprinnelege detaljplanar skildra.

6.6.1 Bukvalitet

Fellesføresegner for bygningar og anlegg stiller areal- og kvalitetskrav til uteoppghaldsareal for bustad, og dette er omtala i kap. 6.11. Privat uteoppghaldsareal skal etablerast for alle bustader. I tillegg skal felles uteoppghaldsareal etablerast som eigne leikeareal når det vert bygd fleire enn 4 bueiningar. Leikeareal skal i detaljreguleringar etablerast i felles uteoppghaldsareal, ha sentral plassering og kvalitetar tilpassa småbarn. Sjå også punkt 6.4.5 for overslag og døme på arealbruk for felles uteoppghaldsareal. Bukvalitet er også omtalt under kap. 8.3.

6.6.2 Bustader

Dei eksisterande bustadområda i Vaksdal er i stor grad avsett til bustader – småhus i områdeplanen. Innanfor felt regulert bustader er det tillete å føre opp einebustader, kjedehus og/eller fleirbustadhus med 2-4 bueiningar. Maks grad av utnytting (% BYA) for nye bustader er 35%, og maksimal byggjehøgde er inntil 8m frå gjennomsnittleg planert terreng ved inngangsplan. BYA skal reknast for kvar enkelt eigedom.

6.6.3 Konsentrerte småhus

Felt som er regulerte for konsentrerte bustader kan nyttast til småhus, kjedehus, rekkehus og fleirmannsbustader eller leilegheitsbygg med inntil fleire bueiningar, men med byggjehøgde inntil 8 m. Felt regulert til konsentrerte småhus er: B1-6, B15, B24, B40-41, B43, B45-48, B57, B71, B85, B90 og B92. Maksimal utnyttingsgrad er 45% BYA, og maksimal byggjehøgde er inntil 8m frå gjennomsnittleg planert terreng ved inngangsplan.


6.6.4 Konsentrerte bustader

Felt som er regulerte for konsentrerte bustader kan nyttast til småhus, kjedehus, rekkehus, fleirmannsbustader, leilegheitsbygg og lågblokker med byggjehøgde inntil 12 m. Det er ikkje knytt krav om detaljregulering til desse felta. Felt regulert til konsentrerte bustader er: B16, B42 og B44. Maksimal utnyttingsgrad er 45% BYA, og maksimal byggjehøgde er inntil 12m frå gjennomsnittleg planert terreng ved inngangsplan.

6.6.5 Felt B16 Fortetting i bustadføremål – Jamnevegen


Feltet er regulert til konsentrerte bustader som tillet lågblokker med byggjehøgde inntil 12 m frå gjennomsnittleg planert terreng. Området er tidlegare regulert til einskilde bustadtomter med tilhøyrande byggjegranser. Planforslaget slår saman tomtene og regulerer ei byggjegrænse for å i tillegg gje mogelegheiter for å byggje lågblokk i inntil 4 etasjar i feltet. Illustrasjonane syner ei utnytting i feltet dersom ein ser på tomtene under eitt. Terrenget er utfordrande og nedre etasjar vil ha einsidig solinnfall. Det er mogelegheit for parkeringsareal i sokkel.

Utsnitt av plankart



Figur 22 Utsnitt av plankart for felt B20

Utsnitt av skissemodell



Figur 23 Utsnitt av skissemodell for felt B20



Figur 24 Utsnitt av situasjonsplanskisse for felt B20

Skissa viser:

Einebustader i bratt terreng

12 einebustader eller fleirmannsbustader.

MUA-krav (150 m² per bueining):


Uteopphaldsareal vert handtert på eiga tomt

Terrenget strekkjer seg frå ca. kote 110 til ca. kote 150, noko som gjev eit terrengfall på i snitt ca. 1:3,5 innanfor området.

6.6.7 B33 – Bustadføremål – Nethovdane


Feltet er regulert til bustader og friområde i reguleringsplan for Jamnegarden (r1988001). Området ligg på nedsida av tilkomstvegen Jamnelia og kan nyttast til einebustader, kjedehus eller fleirmannsbustader.

Utsnitt av plankart



Figur 25 Utsnitt av plankart for felt B33

Utsnitt av skissemodell




6.6.9 B44 – Bustadføremål – Krekane

Feltet er regulert til konsentrerte bustader som tillet lågblokker i opptil 4 etasjar. Feltet grenser opp gangveg for tilkomst til idrettsbana og ein eksisterande sti som ligg i skråningen i bakkant av feltet.


Området er omfatta av aktsemdområde kvikkleire H310_4, og ligg innanfor planområdet til statleg plan, og skal brukast som midlertidig rigg- og anleggsområde #91 i gjennomføringsfasen av statleg plan.

Utsnitt av plankart



Figur 30 Utsnitt av plankart for felt B44

Utsnitt av skissemodell



Figur 31 Utsnitt av skissemodell for felt B44



Figur 32 Utsnitt av situasjonsplanskisse for felt B44

Skissa viser:

2 bustadblokker

Omlag 28 bueiningar

MUA-krav (50 m² per bueining): 1400m²

Når kvar bueining har 7m² privat areal: 1204m² i bakkeplan

Uteopphaldsareal skissert: 1205m²


Det er skissert ein parkeringskjellar under bakkenivå.

6.6.10 B82 og B84 – Fortetting med bustadføremål ved Vaksdal kyrkje

Felta er regulert til bustader som tillèt einestader, kjedehus med inntil 3 bueiningar, og 2-/4-mannsbustader, med byggjehøgde inntil 8m frå gjennomsnittleg planert terreng ved inngangsplan. B82 vert utvida til om lag 2,7 daa, og omfattar to eigedommar. Området er avgrensa med byggjegrænse mot kyrkja og omsynssone H570. Det er lagt inn ei føresegn om at for B82 og B84 skal utforminga skal ta omsyn til kyrkja. Del av tomt som ligg utanfor byggjegrænse mot kyrkja skal vera tilgjengeleg for ålmenta og utforminga skal ta omsyn til kyrkja og ålmenta sine interesser.


Området er omfatta av aktsemdområde kvikkleire H310_4, og B84 er noko berørt av faresone skred, H310_3, her ligg 2 eksisterande bustader innanfor sona.

Utsnitt av plankart



Figur 33 Utsnitt av plankart for felt B82

Utsnitt av skissemodell



Figur 34 Utsnitt av skissemodell for felt B82

Situasjonsplanskisse



Figur 35 Utsnitt av situasjonsplanskisse for felt B82

Skissa viser:

Kjeda einebustader, fordelt på to tomter à ca 1daa.
6 bueiningar, parkering løyst som kantparkering langs veg.

Forslag til ny føremålsgranse og byggjegranse som gir avstand til kyrkja sitt areal.

Uteoppfallsareal er vist med 100 m² hageareal per bueining. Terrenget er ikkje brattare enn 1:3.

Gangtilkomst i planskisse er for bratt for UU (1:6)

Tomteareal vist: ca. 2700 m²

Grad av utnytting: ca. 3 bustader per daa.

6.6.11 B86 - Vidareføring eldre regulering - Perabakkane


Området er frå før regulert til bustadføremål i gjeldande reguleringsplan, med ei vegføring som gjev ei stigningsgrad på ca. 1:9,5-10. I dagens regulering er deg også regulert gangveg gjennom baneføremålet som koplar seg til Fjæravegen (svært bratt). Området kan eigna seg for å byggja einebustader eller rekkjehus i bratt terreng. Området vert vidareført som bustadføremål, men med krav om detaljregulering for å kunne sjå på vegføringa på ny. Skissa viser regulert veg med bustader etablert også langs ei mogeleg forlenging og ein avstikkar frå denne.

Området er omfatta av aktsemdområde kvikkleire H310_4.

[illegible]

Ca. 2 bustader per daa.

Utsnitt av plankart



Figur 39 Utsnitt av plankart for Boge, felt B92, B96, B99, B102

Situasjonsplanskisse



Figur 40 Utsnitt av situasjonsplanskisse for Boge

Skissa viser:

B92; Areal 5180 m²

6 Einebustader

B97; Areal 2485 m²

2 Einebustader / opptil 6 bueiningar etter føresegn om eplehagefortetting

B99; Areal 2030 m²

2 Einebustader / opptil 6 bueiningar etter føresegn om eplehagefortetting

B102; Areal 985 m²

1 Einebustad / opptil 3 bueiningar etter føresegn om eplehagefortetting

6.7 Sentrumsføremål


6.7.1 SF - Fortetting og transformasjon Vaksdal sentrum

Det er stilt krav om detaljregulering i føresegnene til felt SF, Vaksdal Senterområde. Endeleg utnytting av arealet skal fastsetjast i detaljregulering. Det er skissert mogelegheiter for ulike arealbruk og utnytting av området med bakgrunn i døme.

Området kan nyttast til sentrumsføremål med forretningar, tenesteyting og bustader, kontor, hotell/overnatting og serveringsstad. Dette gjev rom for at funksjonar som i dag er i området, som brannstasjon og idretts- og aktivitetslokale framleis kan inngå i føremålet ved ei omforming.


Området er noko berørt av faresone for flaum H320, av faresone skred H310_3, og av aktsemdområde kvikkleire H310_4.

Utsnitt av plankart



Figur 41 Utsnitt av plankart for felt SF

Utsnitt av skissemodell



Figur 42 Utsnitt av skissemodell for felt SF

Illustrasjonsplanskisse



Figur 43 Utsnitt av situasjonsplanskisse alternativ utnytting for SF

Alternativ utnytting etter dømet Årvollskogen



Figur 44 Utsnitt av skisser for felt SF etter døme frå Årvollskogen

Skissa viser:

Næring/forretning: ca. 5800 m²

Idrett/forsamling: ca. 2000 m²

Bustader: ca. 6150 m²

ca. 62 bustader

Parkeringsareal under bakken.

MUA krav: 3100m²

(bakkeplan: 2666 m² + 7m² privat pr. bueining)

Skissert uteopphaldsareal ca. 3000m² + torgareal og evt. uteareal på tak

Tomteareal: 17 000m²


Skissa viser ei total utnytting på 14 000 m², noko som er i underkant av forventa utnytting i sentrumsføremål, ca. 74% BRA

Dømet Årvollskogen

Bustadprosjektet Årvollskogen vart ferdigstilt i 2005 og består av om lag 300 leilegheiter (28 300 m² BRA) som ligg i ring rundt eitt stort grønt uteopphaldsareal (ca. 7000m²). Utnyttinga er 175% BRA, og området er noko større enn Vaksdal Senterområde. Prosjektet er trekt fram som eit godt døme på god utforming og bukvalitet med høg utnytting.

I skissa til venstre er det teke utgangspunkt i at senterområdet berre nyttast til bustader og bygningsstrukturen i dømet er tilpassa etter tomte med noko redusert byggjehøgde og dimensjon.

Skissa viser om lag 16600 m² BRA bustader med byggjehøgde på 4-5 etasjar. Dette gir ei total utnytting på ca. 166 bueiningar, og ei total utnytting på om lag 98 %BRA.



Figur 45 Utsnitt av skissemodell for felt SF, etter dømme fra Årvollsskogen og nytt senter med idrettshall

Illustrasjonsplanskisse



Figur 46 Utsnitt av situasjonsplanskisse for alternativ med nytt senter og idrettshall i felt SF

Skissa viser:

Senterområde med bustader i 4-6 etasjer.
 Senterfunksjonane inkluderer forretningsareal og fleirbrukshall med garderobeanlegg under.
 Parkeringsareal under bakken.

Næring/forretning: ca. 4100 m²
 Idrett/forsamling: ca. 3000 m²
 Bustader: ca. 14 000 m²
 Total utnytting: ca. 24500 m

Dette gir om lag 140 bustader
 MUA krav: 7000 m²
 Felles MUA: 6020m² (med 7m² privat areal pr. bueining)

Tomteareal: 17 000m²
 Om lag 130% BRA

Med bakgrunn i skissene er det i utgreiingar lagt til grunn ei utnytting på 165 % BRA, med ei føremålsfordeling på:

Bustader: 15 000 m²
 Forretning: 5000 m²
 Anna næring: 5000m²
 Idrett og kultur: 3000 m²
 Totalt ca. 28 000 m² BRA


6.8 Fortetting og transformasjon (kombinerte føremål)

6.8.1 KBA2 – Jamne - Fortetting på tomt for tidlegare barnehage

Tomta vert regulert til kombinert føremål, som her vil sei bustad som kan bli kombinert med offentleg/privat tenesteyting. Store delar av tomte er flat, og det er mogeleg å etablera gode og store, samanhengande uteopphaldsareal.


Det er stilt krav om detaljregulering i føresegnene til felt KBA2.

Utsnitt av plankart



Figur 47 Utsnitt av plankart for KBA2

Utsnitt av skissemodell



Figur 48 Utsnitt av skissemodell for KBA2



Figur 49 Utsnitt av situasjonsplanskisse for KBA2

Skissa viser:

- 2 bustadblokker i 4 etasjar pluss parkeringssokkel
- Gjer opptil 24 bueiningar
- MUA-krav (50m² per bueining): 1200 m² (bakkeplan: 1032 m²)
- Skissert uteopphaldsareal: 1295 m²
- Tomteareal: ca. 3600 m²
- Grad av utnytting: ca. 6,5 bustader per daa


Sett ut ifrå tilgjengeleg uteopphaldsareal på tomte kan det etablerast fleire bueiningar (opp mot om lag 30 bueiningar) dersom den skal nyttast til bustadføremål åleine.

6.8.2 KBA3 - Utbygging til bustadføremål Nethovdane

Føremålet opnar for ei bustadfortetting i området, eventuelt i kombinasjon med næring. Områdeplanen krev detaljregulering for området for å avklara nærare mellom anna tilkomst, vegføring og byggjegrunn.

Tettleiken for bustader vil avgrense seg ved krav om uteopphaldsareal. Det er stilt krav om detaljregulering i føresegnene til felt KBA3.

Utsnitt av plankart




Figur 50 Utsnitt av plankart for KBA3

Situasjonsplanskisse



Figur 52 Utsnitt av situasjonsplanskisse for felt KBA3

Utsnitt av skissemodell - bustadfortetting



Figur 51 Utsnitt av skissemodell for KBA3

Skissa viser:

19/22 rekkjehus og 3 blokker à 12 leiligheter (4 etg.)

Ca. 55 bueiningar

MUA krav rekkjehus: 100 m² per bueining

MUA krav leiligheter: 1800 m²

Totalt: 3700/4000 m²

Totalt avsett areal til uteopphald i illustrasjonsplanskissa:

Ca. 4600.

Tomteareal:


Grad av utnytting:

Vist utnytting kan aukast noko i høve til skissert uteopphaldsareal.

6.8.3 KBA4 - Fortetting og transformasjon Krekane


Området kan nyttast til næring, kontor og/eller bustad. I skissa under er det vist ei arealutnytting til bustader. Feltet ligg nært opptil stasjonsområdet og har ein smal tilkomstveg forbi eksisterande bustader som ligg tett på vegen. Det er difor ikkje tilrådd å etablere funksjonar som krev mykje transportarbeid. Området ligg utanfor faresone for flaum H320, men er omfatta av aktsemdområde kvikkleire H310_4. Det er stilt krav om detaljregulering i føresegnene til felt KBA4.

Utsnitt av plankart



Figur 53 Utsnitt av plankart for KBA4

Utsnitt av skissemodell



Figur 54 Utsnitt av skissemodell for felt KBA4

Situasjonsplanskisse



Figur 55 Utsnitt av situasjonsplanskisse for felt KBA4

Skissa viser:

3 bustadblokker i 4 etasjar

40 bueiningar

MUA-krav: 2000 m²

(bakkeplan 1720m²)

MUA skissert: 1804 m²


Parkeringsplassar i kjellar

Det er stilt krav om detaljregulering for feltet (#8).

6.8.4 KBA5 - Fortetting og transformasjon - Brualeitet

Området kan nyttast til næring, kontor, bustad og/eller tenesteyting. Det er skissert mogelegheita for flytting av brannstasjon med kulturhus på tomte. Føresegnene opnar for etablering av brannstasjon/kulturfunksjon innanfor kategorien offentlig tenesteyting. Området er omfatta av faresone for flaum H320 og av aktsemdområde kvikkleire H310_4. Det er stilt krav om detaljregulering i føresegnene til felt KBA5.

Utsnitt av plankart



Figur 56 Utsnitt av plankart for felt KBA5

Utsnitt av skissemodell



Figur 57 Utsnitt av skissemodell for felt KBA5

Situasjonsplanskisse



Figur 58 Utsnitt av situasjonsplanskisse for felt KBA5

Skissa viser:

Brannstasjon/kulturhus

Ca. 1800 m² BTA (2 høge etasjar)

Tomeareal: 5160 m²


Ei slik skissert utnytting er noko låg for det stasjonsnære feltet.

Ei detaljregulering kunne sjå på mogelegheita for å forme området ved stasjonen som ein forplass i tilknytning til stasjonen, der ein ser på å etablera ein publikumsretta funksjon som aktiviserer eit plassrom der mange passerer igjennom på veg til og frå togreise, og der utfartsparkeringa kunne få ei anna plassering i området.

6.8.5 KBA6 – Boge mølle

Det er stilt krav om felles planlegging med detaljregulering for felt KBA6 og SH2. Felt KBA 6 skal nyttast til grønnstruktur, fritids og turistføremål, og/eller småbåtanlegg på land. Utviklinga av området skal sikre ålmenta si tilgjenge til strandsona med vekt på universell utforming. Kulturminnefaglege omsyn med mål om å formidle staden sine kulturhistoriske verdiar skal liggje til grunn for utviklinga av feltet.

Utsnitt av plankart



Figur 59 Utsnitt av plankart for felt KBA6

Utsnitt av situasjonsplanskisse



Figur 60 Situationsplanskisse for felt KBA6

Tilkomst og utnytting må løysast ved detaljregulering av feltet. Sjå også kap. 6.10.1

6.9 Kombinerte føremål – Samferdsle

6.9.1 SAA1-8 - Transformasjon og endringar av eksisterande jernbane

Sjøfronten eller strandsona på Vaksdal er i dag bratt og dels lite tilgjengeleg med jernbana som tilleggsbarriere. Det er knytt krav om detaljregulering til felta SAA1-8, i samband med at jernbanedrifta blir avvika og eksisterande jernbaneinfrastruktur blir fjerna. Etter at eksisterande jernbaneinfrastruktur er fjerna skal også gjerder og andre stengsler fjernast, og det kan tillatast midlertidige tiltak som fremjer by og bygdeliv i tråd med føremåla samferdsel og grønnstruktur. Permanente føremål og bruk skal avklarast gjennom detaljregulering.


Det er utarbeidd ein rapport Forprosjekt 2: Gang- og sykkelmogelegheit for ei samanhengande gang- og sykkelvegstreking mellom Arna og Stanghelle som etterbruk av jernbanen. For delstrekninga forbi Vaksdal rår rapporten til å bruke lokalvegnettet. Områdeplanen opnar for at den eksisterande jernbana skal kunne brukast til nye samband lokalt og eventuelt vere alternativt vegval for den lengre gang/sykkelvegen.

Transformasjon av jernbanearealet vil betre tilgjenge til strandsona og ei opparbeiding av arealet med gang/sykkelvegar og/eller tilrettelegging for lokale bilvegar vil kunne betre tilgjengelegheita for dei sjønære areala i kommunen og også gje ei løysing for god tilkomst med tanke på dei utfordrande stigningstilhøva til nokre av utbyggingsområda i tettstaden.

SAA1- Nordre strekning, inkl. Vaksdal stasjon

Nordre strekningsdel ligg like over dei to naustområda UNB1-2 samt friområde FRI1 (Sveneset – Sildaskjeret). Opparbeiding med gang/sykkelveg og lokalveg hit kan gje moglegheit for tilkomst med for mjuke trafikantar til friområde, og for bil i nærleiken av naust i UNB1-2.

Utsnitt av plankart




Figur 61 Utsnitt av plankartet for felt SAA1

Utsnitt av skissemodell/temakart for SAA1 viser
mogelegheit for etablering av parkeringsplassar i
samband som kan tene naustområdet UNB1-2.




Figur 63 Utsnitt av situasjonsplanskisse for felt SAA1

Utsnitt av situasjonskart som viser mogelegheit for
rekkjehus i SAA1der breidda i feltet tillet det.
Ei anna mogelegheit er at arealet vert opparbeidd som
eit grøntområde med aktivitetar som kan tene
bumiljøet i nærleiken.



SAA2 – Vaksdal stasjon

Ved stasjonen på Vaksdal er ligg det lokale vegnettet tilgjengeleg slik at det kan etablerast ei tilkomst med bil til jernbanetraseen. Stasjonsområdet bør utformast med tanke på å definere rolla til stasjonsbygningen slik at denne kan få ei bruk som harmonerer med tidlegare bruk og kulturminnestatus.




Figur 65 Utsnitt av situasjonsplanskisse for felt SAA

Skissa viser mogelegheit for tilkomst til jernbanearealet.

SAA3-4 Strekninga frå tunnelmunninga og forbi Kvitaskarvet

Utsnitt av plankart




SAA3 omfattar tunnelmunninga og grenser til B86. Her kan gang/sykkelfarverk koplast på jernbanearealet frå B86 og V41. Det kan også sjåast på mogelegheita for å gjenbruke tunnelen for tilkomst med bil til B86. Vilkår for ei slik bruk må avklarast i detaljreguleringa for B86 og SAA2-3.

Områdeplanen regulerer også ein turveg TV4 langs SAA3 slik at friområdet FRI31 og naustareal i UNB7 også har ei mogeleg tilkomst som ikkje er avhengig av realiseringa av statleg plan. Dette opnar i større grad også for tilgjenge til strandsona langs UNB7.


Strekninga SAA4 ligg i skredfaresone og type etterbruk og vilkår for denne strekninga må avklarast i mogeleg detaljregulering.

Figur 66 Utsnitt av plankartet for felt SAA3-4



Figur 67 Prinsipp for mogelegheiter og intensjonar for utvikling av strandkanten og kontakt med sjøen langs SAA3-4

SAA5-8 Boge



Figur 68 Utsnitt av plankart for SAA5-6


SAA5-8 omfattar strekninga forbi Boge, og har krav om detaljregulering.

Arealet kan løyse tilkomstssituasjonen for fleire av areala langs sjø, inkludert området for Småbåthamn ved Boge Mølle, ved framføring av ei strekning for lokalveg frå Vaksdal stasjon.

Regulert tilkomststveg (V54) til dei nedre bustadområda på Boge kan også vurderast kopla vidare til SAA5. Denne har utfordringar knytt til stigningstilhøve, og ei alternativ tilkomst langs banetraseen kan vere ei god løysing i ny situasjon.

Detaljreguleringa det er stilt krav om for felt SH2 og KBA6 vil vere avhengig av så sjå på denne mogelegheita for tilkomst via SAA5.

Illustrasjonen under viser intensjonar og mogelegheiter for utvikling ved å gjere arealet langs strandsona meir tilgjengeleg for ålmenta.



Figur 69 Mogelegheiter for utvikling av strandsona på Boge

6.10 Næring, småbåthamn og naustområde

6.10.1 Småbåthamn SH2 med krav om detaljregulering Boge mølle

Arealet er i dag utan tilkomstveg for bil. Det er bygd ein rampe og overgang over jernbanen for tilkomst for gåande. Mogeleg tilkomst for bil må avklarast i detaljregulering. Ved framtidig frigjering av banearealet kan dette arealet kunne gje ei løysing for tilkomst for bilar, men må avklarast etter avvikling av banefunksjonen. Utsetjing og opptrekk av båtar kan også handterast ved slipp annan stad.

Utsnitt av plankart



Figur 70 Utsnitt av plankart for felt SH2

Illustrasjonsplanskisse:



Figur 71 Utsnitt av situasjonsplanskisse for felt SH2

Skissa viser:

54 plassar innanfor felt SH2

Omriss av område knytt til krav om detaljregulering for felt SH2 og KBA6, jf. føresegnene §3.1.


Detaljregulering skal avklare plassering av flytebyggjer, forankring i sjø og mogelege utslepp ved reingjering og vedlikehald av båtar, handtering av avfall og mottak av toalettavfall, terrengbehandling i området, samt omsynet til eksisterande konstruksjonar og kulturminne. Eventuell marinarkeologisk kartlegging må utførast i samband med detaljregulering. Omfanget av båtplassar, behov for fellesanlegg, felles båtplassar og gjesteplassar skal avklarast i detaljreguleringa.

Gjennom krav om felles planlegging skal eigendomar innanfor området planleggast i fellesskap. Området skal utformast som ein heilskap og gje ålmenta tilgjenge til strandsona.

6.10.2 Endra næringsområde NÆ1-2, hamneområde i sjø HOS, Vaksdal Mølle

Jf. politisk vedtak i samband med 2. gongs behandling er plankartet endra i tråd med merknad til 1.gongs handsaming frå Felleskjøpet Agri SA,

Utsnitt av plankart





Figur 75 Utsnitt av situasjonsplanskisse for felt NÆ3

Skissa viser:

Næringsbygg i 2 etasjer med tilkomst via takflata.

1575 m² BTA 1.etasje (30x52m)

450 m² BTA 2.etasje

Til saman ca. 2000 m²

Parkering og manøvrering på takareal av 1. etasje

%BYA= ca. 33%

6.10.4 Uthus/Naust/Badehus UNB

Innanfor føremålet UNB er det tillete å føre opp naustbygg. Det er stilt krav til maksimal grunnflate 40 m², samtidig som det i gjenoppføring av naust større enn dette. Byggjehøgda skal vere maksimalt på kote 7, slik at ein kan etablere noko areal over sone for havnivåstigning på 3m.

Det er også lagt til restriksjonar for bruk og utforming av areala som skal sikre ålmenta si tilgang til strandsona og sikre bruk i tråd med desse intensjonane.

6.11 Uteopphaldsareal

Føresegnene set arealkrav til etablering av uteopphaldsareal for bustad:

- *Småhus: Einebustader og tomannsbustader 150 m²*
- *Rekkehus, kjeda einebustad, leilegheitsbygg med 4 einingar eller meir: 100m²*
- *Leilegheiter: 50m² på bakkeplan som felles uteopphaldsareal, + 7 kvm privat uteopphaldsareal på balkong/markterrasser*
- *Om fellesareal og fellesfunksjonar i bustadene, og om evt. Felles uteopphaldsareal under tak/orangerie skal reknast med som uteopphaldsareal (jf. Signaturhagen).*
- *Uteopphaldsareal i bratt terreng: 50% av uteopphaldsareal kan etablerast på takterrasser.*

Føresegnene for felt o_BH viderefører også kvalitetskrav til uteopphaldsareal for barnehagen på Tveitane.

6.12 Grønnstruktur og strandsona

Grønnstruktur:

Områdeplanen vidarefører ei rekkje leikeareal, grønnstruktur og friområde, samtidig som den sikrar ein struktur av snarveggar i dei etablerte bustadområda, og mellom Tveitane og idrettsbana. Mellom Jamne og idrettsbana via nytt stasjonsområde vidarefører områdeplanen trappeløysing, men legg til alternativ rute for gang/sykkelveg med tilkomst til (og gjennom) KBA3. Det er stilt utgreiingskrav til mogelegheit for å etablere ei bru direkte mellom Tveitane og Jamne, over ny togstasjon i samband med detaljregulering av KBA3.

Det er sikra grønnstruktur med føremålet Naturområde langs nedre del av Vaksdalsvassdraget, med mogelegheit for etablering av sti og sitjeplassar, for å ivareta kantsona som kjelde til biologisk mangfald og rekreasjonsmogelegheit med samanheng til andre grønt- og friområde.

Grønnstruktur er teke inn som alternativ hovudføre mål i eksisterande banetrase, SAA1-8 og vil kunne opparbeidast som del av den større samanhengande grønnstrukturen, inkludert tur- gang- og sykkelsamband.

Strandsona:

Sjøfronten eller strandsona på Vaksdal er i dag bratt og dels lite tilgjengeleg, med jernbana som tilleggsbarriere. Transformasjon av jernbanearealet vil betre tilgjenge til strandsona. Nokre mogelegheiter for dette er skissert i kap. 6.9. Det er lagt inn mogelegheit for å ta ibruk arealet midlertidig til midlertidige tiltak som fremjer by- og bygdeliv i tråd med føremåla samferdsel og grønnstruktur, utan at det blir stilt krav om detaljregulering. Dette

opnar for at arealet kan få ei mellombels bruk med enkle tiltak og låg terskel for at bygda skal kunne ta tilbake arealet og at ein kan prøve ut ny arealbruk i en periode der detaljreguleringa skal avklare vidare bruk.

6.13 Trafikk

Områdeplanen definerer nokre detaljar for utvikling av dei enkelte arealføremåla, byggjehøgder og trafikkløysingar, til næringsutvikling og nye arbeidsplassar, skape bulyst, styrke fortetting og urbanisere Vaksdal som stasjonsby.

Reguleringsplanen Fellesprosjektet Arna-Stanghelle skildrar at det skal byggjast fortau langs nedre del av Brualeitet. Botnavegen kryssar under E16, og Brualeitet kryssar under jernbanen. Det er nokre smale parti kor dette kan bli utfordrande: i kryssing under E16 i Botnavegen og i Botnavegen før kryss med Trollkjelsvegen på veg mot gamle sentrum ved sjøen.

Vedtatt reguleringsplan legg vidare opp til at det skal byggjast gang- og sykkelveg frå parkeringsplassen ved ny togstasjon langs elva og ned til Vaksdal sentrum. Ved perrongane nord for elva skal det etablerast ein gang- og sykkelveg under jernbanebrua som koplar seg til ein gangveg frå idrettsbana. Busslommene på dagens E16, med tilhøyrande gangsystem langs og under E16, blir vidareført. Som i dagens situasjon, må dei mjuke trafikantane få sikker kryssing over innkøyringa frå dagens E16 til Botnavegen. Når ny veg og bane vert byggd, kan det leggjast opp til sykling på noverande veg, og/eller på nedlagt jernbanetrasé.

Detaljregulering må avklare tilkomst og tilhøve for gåande og syklande i detalj. I skissene for utbyggingsområda er det mellom anna skissert ei mogeleg gangbru over Vaksdalselva ved Vaksdal Senter, og ei gangbru mellom KBA 3 – Nethovdane, over jernbanestasjonen og tunnelmunningen, som landar ved idrettsbana her er høgdenivået om lag det same, og ei slik bru kan etablerast med universell tilgjenge, over høgdenivået til tunellen.

6.14 Vegføring og stigningsgrad

Områdeplanen legg til rette for utbygging av bustadområde i bratt terreng der gjeldande planar også legg til rette for bustadføremål.

Eksisterande vegar i planområdet blir også nytta som tilkomstvegar og vil få ei auka trafikkbeltastning i framtidig situasjon. Dei eksisterande vegane kan vere opparbeidd med mellom anna stigningsgrad og breidde som ikkje tilfredsstiller dagens vegnormal. Dei planlagde vegane som ligg til grunn i gjeldande reguleringsplanar tilfredsstiller heller ikkje dagens vegnormal (N100).

Dette gjeld i hovudsak Svena, Nethovdane, Perabakkene og Boge, men også område tilrettelagd for ei høgare utnytting i områdeplanen enn det som ligg til grunn i gjeldande planar. Stigningsgraden som ligg til grunn i desse områda ligg på om lag 1:9- 1:10. Områdeplanen stiller krav om detaljregulering for fleire av desse områda for å kunne sjå på framføring av vegar på ny.

N100 stiller krav maksimal stigningsgrad 8% (1:12). Vegnormalen gjeld for alle offentlege vegar (den gjeld ikkje for private og felles opparbeidde vegar).

6.15 Universell utforming

Universell tilgjengelegheit blir ivareteke av Byggteknisk forskrift §12-1, som sikrar at byggverk for publikum, og arbeidsbygningar skal vere universelt utforma med mindre byggverket eller delar av byggverket etter sin funksjon er ueigna for personar med funksjonsnedsetting. Det er krav om heis i byggverk for publikum og i arbeidsbygningar med to etasjar eller fleire, og i bygningar med tre etasjar eller fleire som har bueinig.

Bueinigar i ein bygning utan krav om heis som har alle hovudfunksjonar på inngangsplanet til bygningen, skal vere tilgjengeleg på inngangsplanet slik det følger av føresegn i forskrifta, med mindre gangtilkomsten oppfyller vilkåra for unntak, jf. Byggteknisk forskrift § 12-2

6.16 Kulturarv

Planforslaget tek omsyn til eksisterande kulturmiljø og kulturminne gjennom føresegnene. Område markert med omsynssoner bevaring kulturmiljø er ivareteke på ein slik måte at kvaliteten blir styrka.

6.16.1 Omsynssone H730 – bandlegging etter lov om kulturminne

Innanfor planområdet er lokaliteten Kollahaugen einaste automatisk freda kulturminne gitt omsynssone H730. Omsynssona er sikringssone for automatisk freda kulturminne. Kollahaugen, har også ei tilhøyrande omsynssone for bevaring kulturmiljø, H570_2, og er sikra også gjennom underliggende føremål friområde, felt o_FRI20. Området er bandlagt etter kulturminnelova og tiltak skal ikkje utførast i strid med kulturminnelova.

6.16.2 Omsynssoner H570

Omsynssonene for bevaring er sikringssoner for verna kulturmiljø eller for freda og verna kulturminne. Med bakgrunn i registreringar av kulturminne, konsekvensutgreiing og tilbakemeldingar frå Vestland Fylkeskommune til 1. gongs behandling er omsynssonene i tabellen under definerte. Bygg som er registrerte i SEFRAK-registeret er ikkje teke inn som egne soner.

Omsynssone	Namn	Vern	ID	Type kulturminne
H570_1	Vaksdal stasjon	Verna gjennom kommuneplanens arealdel og under vurdering som regionalt verneverdig kulturminne	231419	Teknisk industrielt kulturmiljø
H570_2	Kollhaugen	Sikringssone for automatisk freda kulturminne	25651	Andre kulturmiljø,
H570_3	Vaksdal mølle	Verna gjennom kommuneplanens arealdel og under vurdering som regionalt verneverdig kulturminne	230658	Teknisk industrielt kulturmiljø
H570_4	Mølleparken med funksjonærbustad og møllestyrarens villa	Verna gjennom kommuneplanens arealdel	231435 231428	Kulturmiljø i tettbygde strøk
H570_5	Arbeidarbustadar	Ikkje freda	231429	Kulturmiljø i tettbygde strøk
H570_6	Røyrgate	Regulert bevaring gjennom statleg plan		Teknisk industrielt kulturminne
H570_7	Vaksdal kyrkje	Verna gjennom kommuneplanens arealdel	85740-1	Andre kulturmiljø

Det tillatast ikkje nye tiltak eller inngrep som kan få negativ påverknad på kulturminna.

6.17 Offentlege føremål

Planen vidarefører eksisterande offentlege føremål, mens den gamle barnehagen på Jamne får kombinert føremål som også opnar for bygging av bustader.

Leikeareal i planen er regulert som felles for bustadområda.

6.18 Teknisk infrastruktur

Tilknytting til teknisk infrastruktur må handterast i byggesak og detaljreguleringssaker. Nye tiltak må følgje gjeldande kommunale tekniske normer.

Områdeplanen stiller krav til utarbeiding av plan for anleggsfase ved detaljregulering.

Kommunen kan stille krav til dokumentasjon av renovasjonsløyising, handtering av overvatn, og tekniske installasjonar i utomhusplan ved søknad om tiltak.


6.18.1 Vatn og avlaup

Det er ikkje utarbeidd overordna VAO-plan i samband med områdereguleringa. Kommunen kan stille krav om utarbeiding av VAO-plan ved detaljreguleringsplan.

6.18.2 Reinseanlegg (o_ØK7)

Planen legg til rette for etablering av eit reinseanlegg etter krav frå nytt EU-direktiv som skal følgjast opp med forbetring av offentlege avlaupssystem innan 31.12.2035. Aktuell tomt er området som er avsett til kommunalt reinseanlegg i gjeldande reguleringsplan for Jamnefjæra (1993) ID r1992002. Her ligg eksisterande teknisk infrastruktur til rette for å kunne etablere eit reinseanlegg. Eksisterande situasjon med etablert lagerbygg på kaia tillet ikkje lenger etablering av reinseanlegg med tilkomst via kaia, slik gjeldande plan skisserer. Difor er det avsett eit område med tilkomst direkte frå veg, i tilknytning til Friområde

Terrenget er bratt og tilkomstvegen er smal, difor er det skissert at reinseanlegget vert etablert inntil vegen, med mogelegheit for personbilkparkeringsplass på tak. Tiltaket får konsekvensar for opparbeidd snarveg, og har difor fått føresegner om at snarveg i tilknytning til friområde og kai skal leggjast om og opparbeidd i samband med tiltaket.



Figur 76 Utsnitt av skissemodell for reinseanlegg i o_ØK7

Grunnareal i felt: ca. 567m²


Grunnflate bygg: ca. 206 m² (9m breidde)

Byggjehøgde: 3 m over nivå veg/kjørbart tak

Overslag på dimensjonering av anlegget, frå Vakdsal kommune:

'Det er usikkert kor mange **pe** er det på Dale og Stanghelle. Det er felles leidningar for overvatn og spillvatn med gjennomsnittleg utslepp av 31.5 l/s=2721600 l/døgn. Dette svarer til 13608 pe om man reknar med 200 l/døgn*pe. Gjennomsnittleg vassforbruk er 12.5 l/s=1080000 l/døgn. Dette svarer til 5400 pe (samla innbyggjarar og industri).'

Plankartutsnitt



Figur 77 Utsnitt av plankartet for felt o_ØK7


Gjeldande regulering, med skissert bygg:



Figur 78 Gjeldande reguleringsplan for felt o_ØK7

6.18.3 Fordrøying og overvatn

Kommunen utarbeider egne temakart for overvatn med oversikt over avrenning og flaumvegar som kan leggjast til grunn for overordna VAO-planar i detaljregulering. Planlegging og dimensjonering av overvasshandtering skal utførast i samsvar med ein tre-trinns strategi for god overvasshåndtering.



Figur 79 3-trinnsstrategien for god overvasshandtering

Trinn 1 skal handtere dei daglege nedbørmengder ved infiltrasjon i grunnen, grøne løysingar og permeable dekker.
 Trinn 2 skal fordrøye store regnskyll i opne eller lukka fordrøyingssystem
 Trinn 3 skal sikre trygge flaumvegar for handtering av avrenning ved ekstreme regnskyll.

6.19 Krav om detaljregulering

Områdeplanen stiller krav til detaljregulering for følgjande område:

- Utbygging til kombinertføremål Nethovdane (KBA3)
- Utbygging til næringsføremål Tolåsen (NÆ3)
- Fortetting og transformasjon Vaksdal sentrum (SF)
- Fortetting og transformasjon Krekane (KBA4-5)
- Transformasjon og endringar av eksisterande jernbane inkl. Vaksdal stasjon (SAA1-8)
- Vidareføring eldre regulering Perabakkane (B83)
- Vidareføring eldre regulering Svena (B30)
- Detaljregulering Boge mølle (KBA6)
- Jamnegarden «Gamle barnehagen» (KBA2)

6.20 Rekkjefølge- og dokumentasjonskrav

Det er ikkje sett konkrete krav til rekkjefølge for utbygging i planføresegnene for områdeplanen. Statleg plan vil vere ein sterk premissgjevar for utbyggingsrekkjefølga i planen, og vil, fram til planen er gjennomført leggje band på store areal knytt til stasjonsområdet.

Utbyggingsavtale kan nyttast for å innfri krav om rekkjefølge for å opparbeide eller sikre opparbeiding av offentleg infrastruktur.

Som del av detaljregulering er det stilt krav til:

- Utomhusplan
- Dokumentasjon av støytilhøve og støyredukerande tiltak
- Flaumvurdering og løysingar for overvasshandtering med angjeving av flaumvegar, trasear for vann- og avløpsleidningar og eventuell plassering av pumpestasjon. Nødvendige sikringstiltak mot springflo, flaum og skred skal dokumenterast.
- Nødvendige geotekniske sikringstiltak.
- Plan for anleggsfase, derunder nødvendige tiltak for beskyttelse, sikring av eksisterande bueiningar, trafikktryggleik med særleg omsyn til gåande og syklande, arbeidstid i anleggsperioden

Ved tiltak kan kommunen kan også stilla krav til:

- Dokumentasjon på at geoteknisk stabilitet er tilfredsstillande, om naudsynt geotekniske undersøkingar.

- Innenfor aktsemdssone for skred H310_4 skal det gjennomførast ei risikovurdering for skredfare ved søknad om tiltak eller detaljregulering.
- Innenfor aktsemdssone for kvikkleire H310_5 skal det gjennomførast ei risikovurdering for områdestabilitet ved søknad om tiltak eller detaljregulering.
- Innenfor faresone flaum er det krav til dokumentasjon av flaumfare i samsvar med gjeldande tryggleiksklasse.

7. Konsekvensutgreiing

7.1 Innleiing

I dette kapitlet er resultatane frå konsekvensutgreiinga samanstilte. Alle deltema bortsett frå trafikk er samanstilt etter metode for ikkje-prissette konsekvensar.

For følgjande tema er det utført konsekvensutgreiing:

- Kulturminne og kulturmiljø
- Landskapsbilete
- Trafikk
- Naturmangfald
- Næringsutvikling og arbeidsplassar
- Tettstadsutvikling og urbanisering
- Friluftsliv/by- og bygdaliv

Utgreiingstemaet er behandla kvar for seg gjennom eigne temanotat, der konsekvensane er analysert. Hovudpunkta frå notat er attgjeve her, med ei felles samanstilling til slutt i dette kapitlet. Behov for avbøtande tiltak for å redusere negative verknader, samt oppfølgjande undersøkingar, er vurdert for kvart enkelt tema.

Notata er bygget opp med følgjande kapittel:

- Planprogrammet
- Datagrunnlag og metode / Overordna planer og mål
- Dagens situasjon / Verdi
- Tiltak / Omfang
- Konsekvens
- Eventuelt avbøtande tiltak / oppfølgjande undersøkingar

7.2 Metodikk for konsekvensutgreiing


Konsekvensane av å gjennomføre planen er vurdert ved at verknadene av planforslaget vert samanlikna med verknaden av eit referansealternativ («nullalternativet»). Referansealternativet er ei framtidig situasjon utan tiltaka som reguleringsplanen legg til rette for.

I hovudsak følgjer konsekvensutgreiinga oppbygninga frå Statens vegvesen si handbok V712 (sist oppdatert 2021) "Konsekvensanalyser". Tre omgrep står sentralt i analysen:

- **Verdi**, er ei vurdering av kor verdifullt eit delområde er, sett i eit nasjonalt perspektiv.
- **Påverknad**, er ei vurdering av korleis det same området vert påverka som følge av eit definert tiltak. Påverknad vert vurdert i høve til referansealternativet (null-alternativet).
- **Konsekvens**, framkjem ved samanstilling av verdi og påverknad i høve til «konsekvensvifta», sjå rettleiing i Handbok V712. Konsekvensane er ei vurdering av om eit definert tiltak vil medføre forbetring eller tap av verdi for eit delområde.

Skalaen for vurderingane er gitt i ein *konsekvensvifte*, definert i Statens vegvesen si handbok V712. I vifta kjem det fram ein konsekvensskala frå svært stor positiv/negativ til ubetydeleg på begge sider av skalaen. Kodinga er gitt frå ++++ via 0 til ---.

Vifta blir brukt for å sikre at riktig konsekvens blir utfallet. Endeleg samanstilling av konsekvensar er også vist skjematisk i tabell for å vise konsekvensen for det enkelte tema.



Figur 80: Konsekvensvifta

7.3 Kulturminne og kulturmiljø

Fagtemaet kulturarv omfattar materielle og immaterielle spor etter menneske si verksemd gjennom historia knytt til kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap.

På grunnlag av innsamla kunnskap vert utgreiingsområdet delt inn i einskaplege delområde. Eit delområde er definert som eit område som har en einskapleg funksjon, karakter og/eller verdi og som derfor skil seg frå tilgrensande areal.

Registreringar

Innhenting av grunnlag til rapporten er i hovudsak gjort gjennom Riksantikvaren sin database for registrerte kulturminne (Askeladden). Det er også henta informasjon frå kulturminneplan for Vaksdal kommune, kulturminneregistrering i Vaksdal kommune og tidlegare konsekvensutgreiing gjort av Statens vegvesen i samband med den statlege reguleringsplanen for E16 og Vossebanen. Bygdebøker har også vore til hjelp.

Verdivurdering

Samla verdi av kulturminne og kulturmiljø i planområdet vert vurdert å vere middels.

Påverknad

Samla vurdering av føreliggjande tiltak i planen er vurderte til noko negativ konsekvens (-). Områdeplanen med føreliggjande tiltak har større **positiv** påverknad på området sine kulturarvverdiar enn å la gjeldande regulering vere slik den er.

Konsekvensar

Det er liten grad av konflikstar. Delområda har låg konsekvensgrad, der 1 minus (-), dominerer. Høgare konsekvensgrader er underordna.

Gjeldande regulering vidareført vil vere litt betre for kulturmiljøet, framfor foreslått tiltak.

Oppsummering:

- **KM1:** Områdeplanen tek inn områdeavgrensinga for mølleområdet som er registrert i kulturminnekartet og som omfattar damanlegg og røyrgate. Områdeplanen regulerer omsynssone kulturminne for området lik områdeavgrensinga i kulturminnesøk.
- **KM2, KM3, KM4, KM5, KM7:** Omsynssone kulturmiljø for dei registrerte kulturminna og bygningar.
- **KM6:** I områdeplanen skal 'Stasjonsbyen Vaksdal' utviklast og fleire område som grenser opp til baneføremålet få krav om detaljregulering og det blir opna for auka tetteleik.
- **KM8:** Ubetydeleg endring.
- **KM9:** Garden Tolåsen ligg midt i ny trase for E16/Vossebana og fører til at heile eller største delen av kulturmiljøet vert utsletta. Delområdet vert sterkt forringa.
- **KM10:** Områdeplanen vidarefører statleg plan som skal legge om røyrgata.

- *KM11*: Områdeplanen opnar for ombruk av arealet til anna føremål, gjennom å regulere det til kombinert føremål.
- *KM12*: Områdeplanen definerer ingen omsynssoner for SEFRAK-registrerte bygg i Bogeområdet.
- *KM13*: Områdeplanen stiller krav til detaljregulering knytt til Boge Mølle. Føremålet som er lagt til grunn for detaljreguleringskravet er småbåthamn i sjø. Omsynssone kulturmiljø er ikkje lagt inn i planen, men planprosessen for detaljregulering vil stille krav om å ivareta kulturminna, mellom anna også i sjø.

7.4 Landskapsbilete

Landskapsbilete er eit uttrykk for landskapet sine romlege -og visuelle eigenskapar med naturlege og menneskeskapte komponentar og element, som særpregar eit geografisk område. Det romlege og visuelle omhandlar korleis landskapet vert opplevd som fysisk form (Vegdirektoratet, 2021).

Verdivurdering

Samla verdi av landskapsbilete vurdert å vere middels.

Påverking

Samla vurdering av føreliggjande tiltak vurderst til noko negativ påverking (-).

Konsekvensar

Det er usikkerheit knytt til i kva grad områdeplanen avbøter eller forsterkar visuell barriereverknad i landskapet av E16/Vossebana.

Samla vurdering gir liten negativ konsekvens (-).

7.5 Naturmangfald

Samla verdi av naturmangfald i planområdet er vurdert å vere middels, og samla vurdering av føreliggjande tiltak er vurdert til **noko negativ påverking (--)**.

Konsekvens

Det er gjort ei samla vurdering for både planområde, veg- og banetiltak. For veg og bane er vurderingane henta frå tidlegare gjennomførte konsekvensutgreiingar, der veg gir noko negativ konsekvens, medan bane gir ubetydeleg negativ konsekvens for naturmangfald.

Samla vurdering av områdeplanen gir noko negativ konsekvens (--) for naturmangfaldet. Dagens situasjon vil vere betre for naturmangfald framfor foreslått tiltak.

Auka aktivitet, støy, mellombels eller permanent degradering og endra transportruter vil påverke flora og fauna i planområdet og i vassmiljøet. Påverknaden av landmiljø vil avhenge av omfanga av tiltaka, influensområde og kva organismar som blir påverka. I anleggsperioden kan eksempelvis støy, aktivitet og forureina anleggsvatn føra til eit høgare stressnivå hos dyr og degradering av elvar, bekkar og kystområde. I tillegg til at dyr blir skremt bort frå tidlegare beiteområde og vandringsruter, og dessutan bidra til redusert hekkesuksess for fugl, ved at dei unngår å hekka, forlèt reir pga. stress, eller mislykkast i å fostra opp ungane. Endring av elveløpet til elva, eller varig endring av vasskvalitet, kan føra til redusert tilstand, og dårlegare leveforhold for fauna og flora i vassførekomstane. Utbygging i strandsona kan føra til endra habitat og leveområde for marine artar.

Skadereduserande tiltak

(tilpassingar/endringar) som kan hjelpe til å minimera eller redusera dei negative konsekvensane av tiltaket:

- Viktig å vera så arealminimerande som mogleg. Hogst og annan arealødeleggjande tiltak bør unngåast.
- Tiltak for å unngå spreiding av framand artar.
- Ved etablering av rasvoll, bør minst mogleg av naturbeitemarka nyttast.
- Sommarsesongen frå mai til august vil normalt vera den mest sårbare perioden for hekking, gyting og oppvekst. Sprengingsarbeid bør unngåast i den mest sårbare perioden for fuglar. Det blir tilrådd å etablere ei tryggingssone (200 meter for plangrensa) for båtar i området.
- Tiltak som likevel kan redusere skadeverknaden marginalt, er å setja mål om å minimera forstyrringseffekten overfor artane av nasjonal forvaltningsinteresse, både i anleggs- og driftsperioden.
- Avkøyrande grøfter oppstraums som fører overflatevatn forbi anleggsområde eller deponi

- Drivstoffpåfylling og kjemikaliebruk bør skje der det ikkje er fare for spel til sårbare resipientar evt. etablering av spel basseng.
- Resirkuler drivevatn frå tunnelar.
- Skil avrenning frå sprengsteinfyllingar og avrenning frå betongarbeid for å hindra danning av ammoniakk, evt. tilsetning av syre.

7.6 Næringsutvikling og arbeidsplassar

Temaet næringsutvikling og arbeidsplassar handlar om i kva grad planen oppnår samfunnsmåla for utvikling og vekst i stasjonsbyane og fortetting rundt kollektivknutepunkta i regionen. Hovudmålet for kommunen er at den skal ha eit meir variert næringsliv.

Metode

Det finnest ingen fastsett metodikk for konsekvensutgreiing av temaet næringsutvikling og arbeidsplassar for områdeplanar. Metoden er utvikla for dette prosjektet. Utgreiinga skal sannsynleggjere om planen legger til rette for vekst i arbeidsplassar gjennom å legge til rette for næringsareal, og i kva grad den bidreg til økonomiske ringverknader gjennom å legge til rette for nye samanhengar mellom framtidig næring, bustader og servicetenester. Utgreiinga ser på publikumsretta private verksemdar og andre næringar kvar for seg.

For dei publikumsretta næringane skal utgreiinga vise om utbyggingspotensialet for desse aukar, og om hovudvekta av dette utbyggingspotensialet ligg nære kollektivknutepunktet og dermed kan føre med seg ringverknader. For dei andre næringane viser utgreiinga om tilgangen på brukbart tomteareal aukar.

Påverknad

Områdeplanen legg til rette for ein stor auke i utbyggingspotensial for publikumsretta privat næringsaktivitet. Hovudvekta av denne er lokalisert ved kollektivknutepunktet slik at det ligg til rette for nye samanhengar mellom framtidig næring, bustader og servicetenester. Også arealet avsett til andre næringar aukar i nokon grad. Den positive påverkinga av områdeplanen er tydeleg betre enn 0-alternativet.

Konsekvensar

Områdeplanen er vurdert å gi **positive konsekvensar** for næringsutvikling og arbeidsplassar.

7.7 Tettstadutvikling og urbanisering

Temaet tettstad og urbanisering handlar om i kva grad planen oppnår samfunnsmåla for utvikling og vekst i stasjonsbyane og fortetting rundt kollektivknutepunkta i regionen. Det er eit mål for Vaksdal kommune at den skal verte ein vekstkommune for innbyggjarar og næringsliv basert på miljøvenleg utvikling med høg kvalitet for alle, med hovudmål om at «Vaksdal kommune skal ha 20-40 % fleire innbyggjarar i 2040 enn i dag». For bustader er hovudmålet at Vaksdal kommune skal ha ein meir variert bustadstruktur enn i dag.

Metode

Det er ingen fastsett metodikk for konsekvensutgreiing av temaet tettstadutvikling og urbanisering. Metoden er utvikla for dette prosjektet. Utgreiinga skal sannsynleggjere om planen legger til rette for vekst i innbyggjarar gjennom å legge til rette for bustadbygging eller ikkje, og i kva grad dette gjerast. Måten dette er gjort på er å undersøke endringar i tilgang på areal til bustader i planen. Utgreiinga skal vise i kva grad bustadene som planen legger til rette for er småhus eller leilegheitsbygg. Utgreiinga skal også sjå om planen legg til rette for eit arealeffektivt og klimavenleg utbyggingsmønster.

Påverknad

Tiltaket legg til rette for om ein vesentleg auke i bustader som kan byggast i Vaksdal, både for bueiningar i småhus og i leilegheiter. Planen legg difor til rette både for vekst i innbyggjarar og ein meir variert bustadstruktur. Dei fleste bustadene kan byggast nære den nye stasjonen på Vaksdal. Planen bidreg derfor også til eit arealeffektivt og klimavenleg utbyggingsmønster. Den positive påverknaden av områdeplanen er tydeleg betre enn 0-alternativet.

Konsekvensar

Områdeplanen er vurdert å gi **store positive konsekvensar** for tettstadutvikling og urbanisering.

7.8 Friluftsliv/by- og bygdeliv

Friluftsliv er definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturopplevingar. Omgrepet by- og bygdeliv vert definert som opphald og fysisk aktivitet i byar og tettstader. Friluftsliv/by- og bygdeliv er i Handbok V712 Konsekvensanalyser definert som «landskapet slik folk opplever og brukar det». Temaet omfattar tilgjenge eller barrierar til formelle og uformelle møteplassar, friluftaktivitetar, rekreasjon og organisasjonsliv.

Metode og registreringar

Friluftsliv/by- og bygdeliv innan utgreiingsområdet er analysert gjennom bruk av offentleg tilgjengelege innsynsløysingar, brosjyrar og annan litteratur, fylkeskommunen, Bergen kommune, Vaksdal kommune og andre offentleg tilgjengelege kjelder, samt synfaringar.

Verdivurdering

Samla verdi av friluftsliv/by- og bygdeliv i planområdet vert vurdert å vere middels.

Påverknad

Ved etablering av ny E16/Vossebana vil samla påverknad på friluftsliv/by- og bygdeliv få positive påverkingar. Det er lita forskjell mellom 0-alternativet og områdeplanen. I nokre delområde er det negativ konsekvens, i andre vert det små forbetringar, og noko større forbetringar i områdereguleringa.

Konsekvensar

Samla vurdering av etablering av ny E16/Vossebana er vurdert til å gi positive konsekvensar for friluftsliv/by- og bygdeliv.

Områdeplanen sikrar blant anna- og legg til rette for ei utbygging med høgare tettleik og transformasjon av bustader og offentleg/privat tenesteyting, samt leikeareal og uteoppshaldsareal. Sikrar gang/sykkelvegar for tilkomst til Idrettsanlegg og mellom stasjonsområdet Krekane og platået Tveitane, langs Vaksdalselva og inn til sentrumsområde. Reduksjon i trafikk på den eksisterande E16 vil gjere området meir attraktivt og vegen vil framstå i mindre grad som ei barriere for omgjevnadene. Områdeplanen legg også til rette for ei omforming av Vaksdal senterområde.

7.9 Trafikk

Trafikkrapporten viser til eksisterande forhold for gåande, syklande og reisande med kollektiv, og korleis vedtatt reguleringsplan legg premisser for vidare utvikling av områdeplanen for Vaksdal stasjonsby.

Ei av hovudmålsetnadane med områdeplanen er å opparbeida trygge og attraktive gang- og sykkelforbindelsar mellom viktige målpunkt, og binda saman Vaksdal aust og vest.

Dagens vegsystem på Vaksdal består av E16 som går gjennom bygda, f.v. 5408 som går frå krysset med E16 og ned til Vaksdal stasjon nede ved sjøen, og kommunale vegar. Dei kommunale vegane er ofte smale med mykje trafikk, samtidig som dei er skuleveg for ungane, og også veg til og frå barnehage og idrettsplass. Tungtransport på lokalvegane og E16 skaper barrierar for gåande og syklande, og bilbasert transport pregar i stor grad tettstaden i dag. Vaksdal har få samanhengande gang- og sykkelvegar frå bustadområda til viktige målepunkt som butikk, skula og arbeidsplassen mølla.

Konsekvensar

Planen fører til positive konsekvensar for mjuke trafikantar. Men større utbyggingar vil også føre til auka trafikkmengd som igjen fører til meir støy. Betra trafikktryggleik for mjuke trafikantar gjennom utbygging av gang- og sykkeltilbod, kryssutbetringar, flytting av jernbanestasjon, betre trafikktryggleik for køyrande gjennom utbygging av ny E16.

Forslag til konsekvensreducerande tiltak:

- Forbetre eksisterande kryssløysingar med oversiktlege tilkomstforhold, gode siktlinjer og eit tydeleg skilje mellom køyrande og gåande innanfor planområdet.
- Sikre tilstrekkeleg areal for tungtrafikken.
- Beskrive korleis tiltak for gåande og syklande skal utformast.
- Ein bør sjå på moglegheiter for kryssutbetringar, stenging av enkelte avkøyringar, og fartsgrenser.
Innføring av hjartesoner: Hjartesoner er ein definert sone kring ein skule, der ein ikkje ønsker biltrafikk før, under og etter skuletida. Tanken er at tiltaket skal bidra til at fleire går og sykklar til skulen og unngå køyring av born til og frå skuleporten som kan skape stress og farlege trafikksituasjonar.

7.10 Samanstilling av konsekvensane

Nedanfor følger ein forenkla samanstilling av verkingane av planforslaget, relatert til 0-alternativet.

Farge	Konsekvens	Forklaring
	Svært stor negativ konsekvens (--- -)	Den mest alvorlege miljøskaden som kan opnast for delområdet. Gjelder for delområde med stor eller svært stor verdi.
	Stor negativ konsekvens (---)	Alvorleg miljøskade for delområdet
	Middels negativ konsekvens (--)	Betydeleg miljøskade for delområdet
	Liten negativ konsekvens (-)	Noko miljøskade for delområdet
	Ubetydeleg (0)	Ubetydeleg miljøskade for delområdet
	Forbetring (+/++)	Miljøgevinst for delområdet: Noko forbetring (+), betydeleg miljøforbetring (++)
	Stor forbetring (+++/++++)	Vert nytta i hovudsak der delområde med ubetydeleg eller noko verdi får en svært stor verdiauke som følge av tiltaket.

Tema	Konsekvens	
Kulturminne og kulturmiljø	Sluttvurdering Liten negativ konsekvens (-)	-
Landskapsbilete	Sluttvurdering Liten negativ konsekvens (-)	-
Naturmangfald	Sluttvurdering Middels negativ konsekvens (--)	--
Næringsutvikling og arbeidsplassar	Sluttvurdering Positiv konsekvens (++)	++
Tettstadutvikling og urbanisering	Sluttvurdering Stor positiv konsekvens (++)	+++
Friluftsliv/by- og bygdeliv	Sluttvurdering Forbetring (+)	+

Utredningstema	Konsekvens planforslaget	Konsekvens 0-alternativet
Trafikk	Betra trafikktryggleik for mjuke trafikantar gjennom utbygging av gang- og sykkeltilbod, kryssutbetringar, flytting av jernbanestasjon, betre trafikktryggleik for køyrande gjennom utbygging av ny E16.	0-alternativet, som er dagens situasjon men med ny statleg plan for E16 og jernbane, vil også ha positive konsekvensar for Vaksdal. Her er det likevel ikkje like store høve til utbetring av sentrumsområde, og for transformasjon ut over hovudvegnettet. Dette gir mindre fokus på mjuke trafikantar.

8. Verknader

I dette kapitlet skildrar verknadene av at planen vert gjennomført.

8.1 Overordna planar

Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2023-2035

Områdeplanen støtter godt opp om ei rekkje mål i samfunnsdelen.

Kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2019-2031

Områdeplanen er i samsvar med, og viser til einkvar tid gjeldande KPA i føresegner, men set presiseringar og meir detaljerte føringar enn KPA i føresegner for uteopphaldsareal.

Endringar i høve til KPA:

- Aktsemdssoner for skredfare er oppdaterte og aktsemdssoner kvikkleire er teke inn.
- Avgrensing av Næringsområde NÆ1-2 for Boge mølle følger reguleringsplan, 1982, er større i høve til KPA, jf. politisk vedtak til 2.gongs handsaming
- Felter, jf. 1.3.5 i merknadsbehandling, samt statleg plan (NÆ1-2, NÆ3, B20,29,33,65,79,99, KBA3,UNB1-3)
- Krav om felles planlegging er handtert gjennom områdeplanen, krav om detaljregulering for enkelte felt.

Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland :

Områdeplanen er i samsvar med , men vidarefører krav om felles planlegging med krav om detaljplanlegging for småbåthamn ved Boge Mølle.

Statleg plan for E16 og Vossebana:

Områdeplanen overlappar med statleg plan for ny E16 og Vossebana (planID NO201703), med reguleringsendring (planID r2023001), og regulerer nye føremål der statleg plan viser til underliggjande reguleringsføremål (BA-felt). Områdeplanen endrar også statleg plan, etter at denne er ferdigstilt, med reguleringsendring på følgjande område:

- Gang/sykkelvegar forbi Vaksdal Senter (o_SG2)
- Gang/sykkelveg med trapp til Jamne og tilkomst til busshaldeplass Krekane (o_GG9, V17-18, o_GS7)
- Grønnstruktur langs vassdrag (o_GN2-4)
- Tilknytting til Vaksdal Vassverk (o_V31 og o_LVF2)
- Føremål på del av idrettsbana (o_IDR)

Andre gjeldanede reguleringsplanar

Områdeplanen vidarefører delvis følgjande reguleringsplanar:

R2010001 Reguleringsplan for omregulering av deler av (...) Vaksdal sentrum

R2015001 Vaksdal vassverk

Områdeplanen opphevar alle andre reguleringsplanar, nemnd i kapittel 4.4.

8.2 Staden sin karakter, byform, estetikk og landskap

Områdeplanen vidarefører tiltaka frå statleg plan E16 og Vossebana, og opnar samtidig for ei høgare utnytting i byggjeføremål tilknytta stasjonsområdet, samt i utforming og omforming av eksisterande jernbanetrase.

Dette vil endre staden sin karakter, og leggje til rette for at tettstaden i enkelte område vil få ei meir urban form.

8.3 Bukvalitet

Jon Guttu definerer bukvalitet som *'egenskaper ved det å bo som tillegges verdi'*. Dette vil difor variere, og bukvaliteten vi vere avhengig av individuelle ønske og behov, og av den aktuelle livsfasen til brukarane. Omgrepet bukvalitet kan omfatte både dei fysiske eigenskapane ved bustaden og det fysiske bumiljøet, med lys/luft, sosialt samvære, tryggleik og identitet og tar også omsyn til omgjevnadene omkring bustaden, som til dømes bumiljø og samfunn, som *også kan inkludere faktorar som beliggenheit og tilgjengelegheit* til kollektivtransport, interessepunkt i byvegen, eller universelt tilgjenge.

Krav til bukvalitet blir primært sikra gjennom plan- og bygningslova og i teknisk forskrift. Områdeplanen sikrar i tillegg bukvalitet med føresegnar om arealkrav og kvalitetar (som soltilhøve) for uteopphaldsareal, tilgjenge til privat uteopphaldsareal, og for opparbeiding av leikeareal innanfor bustadområde (byggjeområde).

Det er i områdeplanen ikkje vurdert naudsynt å stille krav til mellom anna:

- Solinnfall på fasade eller i opphaldsrom i bustaden, sidan TEK ivaretar krav om dagslystilhøve
- Minimum storleik for bueiningar (t.d. 30 m²), avgrensing av ta eittromsleilegheiter, eller hyblar. Det blir stilt krav til at det blir bygd ein andel tilgjengelege bueiningar, sjå også 8.13.
- Støykrav utover det som er ivareteke gjennom retningslinjer for støy.
- Utsikt frå opphaldsrom.

For beliggenheit og tilgjengelegheit vil Vaksdal få ei forbetring ved etablering av ny bane, og kort reisetid til Bergen sentrum, noko som gjer at reiseavstanden kan samanliknast med reiseavstandar også innanfor Bergen. Den nære tilgjengelegheita mellom bustaden til skule, barnehage, stasjon, grønne kvalitetar og daglege gjeremål er også god for Vaksdal, noko lågare for Boge. Potensialet for betring av den nære tilgjengelgheita (for sykkel og gange) ved omforming av banearalet er eg også høg i områdeplanen.

8.4 Soltilhøve og lokalklima

Det er generelt gode soltilhøve i store delar av vaksdal. Verknader for soltilhøve og lokalklima er vurdert ut ifrå bustadføre mål og sentrums- og fortettingsområde rundt stasjonen, der det er lagt til rette for bygging av bustader. Nokre stasjonsnære fortettingsområde og bustadområde i austvendte hellingar vil ha noko dårlegare soltilhøve enn i resten av Vaksdal.

I Krekane vil sola gå ned ca. kl. 17 ved vårjevndøgn, og ca. kl. 20 ved midtsommar.

I Nethovdane vil sola gå ned ca. 17 ved vårjevndøgn, og ca. kl. 21 ved midtsommar.

Områdeplanen stiller krav om min. 50% sol i uteopphaldsareal ved vårjamndøgn. Uteopphaldsareal skal ha solrik plassering, og soltilhøve skal prioriterast ved plassering og utforming av nye bygg.

8.5 Kulturminne og kulturmiljø, eventuell verneverdi

Områdeplanen regulerer hensynssoner for kulturminne, skildra i kap. 6.15.


Verknader for kulturminne og kulturmiljø i planområdet er vurdert i kap. 7.3.

8.6 Høve til naturmangfoldlova

Områdeplanen sit tilhøve til Naturmangfoldlovens §§ 8-12 (LOV 2009-06-19 nr 100) er vurdert i Konsekvensutgreiing for Naturmangfold. Verknadene for naturmangfoldet er attgitt kapittel 7.5.

8.7 Landbruk / Naturressursar

Det er utarbeidd ei kartoversikt over jordbruksareal som blir omdisponert i planen, temakart omdisponering av areal, og ei berekning av arealet, opp mot omdisponeringar i gjeldande planar. Begge følgjer saka som vedlegg.



Figur 81 Temakart omdisponering av jordbruksareal

Omdisponering [m2]	Omdisponering per arealtype				Areal omdisponert i gj. Planar				Omdisponering i Områdeplan		
Felt i områdeplanen	overflate	innmarks			Omdisp. i tråd med	Gjeldande	STATLEG		Ny omdisp. i	Total i	
VAKSDAL	fulldyrka	dyrka	beite	skog	Arealkategori KPA	KPA	reg.plan	PLAN	områdeplan	områdeplan	kommentar
UNB1				977	LNFR		0	0	977	977	
Bb,B6, B7,B16,				11 171	LNFR/Bustader		4 321	11 171	6 850	11 171	
B20 (Svena), B34				16 858	LNFR, Bustader		4 464	16 858	12 394	16 858	
B38, B39,f_LEK5,				2 776	Bustader		2 776	2 776	0	2 776	
KBA3, B33, B35	5 184	2 008		23 394	Bustader, KBA		25 402	25 402	0	25 402	
B49, B50				5 145	Bustader		5 145	5 145	0	5 145	
B54	1 583				Bustader		1 583	1 583	0	1 583	
B56, B58, GU	5 450				Bustader, GU		5 450	5 450	0	5 450	
B44	927				KBA		927	927	0	927	
B46	580				KBA		580	580	0	580	
o_BAN1, o_KV4, GS5	1 497				KBA		1 497	1 497	0	1 497	
B42, o_KV4, o_AVG38	3 253				KBA		3 253	3 253	0	3 253	
o_BAN1, B42			9 665		KBA		9 665	9 665	0	9 665	
N/E3, o_AVG	2 903				LNFR		0	0	2 903	2 903	
o_V33, oAVG, o_KV,o_SK	1 724		8 172	18 802	LNFR		0 SKV, AVT, SPP	28 698	0	28 698	Vidarefører Statleg plan*
B66, B67			2 954		Bustad		2 954	2 954	0	2 954	
B29, FR120, H730, H570_2	2 592				KBA		1 694	609	0	609	KPA: H570
BAA3, o_AVT8, BGF3, B21				683	KBA		683	683	0	683	
B71, UN				2 525	KBA, SF		2 525	2 525	0	2 525	
B82, B84, B85, o_REL	4 411			1 170	KBA, REL		5 581	5 581	0	5 581	
B86, SAA3	12 092			7 862	Bustader		19 954	19 954	0	19 954	
SAA3				4005	KBA	**		0	**	4005	**
B115				654	LNFR		0	0	654	654	
BOGE											
UNB8				771	AB		771	0	0	771	
AVG26				1833	LNFR		0	noko AVT	1833	1833	vidareført som AVG
B91-93,B96-104, V54, AVG		1712	13915	11064	Bustad, LNFR		19123	24979	5856	24979	vidarefører gjeldande regulering
LNFR 14	0				LNFR		0	0	0	0	
LNFR 16	0				LNFR		0	0	0	0	
B109			577		LNFR, Bustad		385	0	192	577	
BGF4, B110, V57		758		849	Bustad		1607	0	0	1607	
B111-4				4922	Bustad		4922	4922	0	4922	
UNB10				2259	AB		2259	0	0	2259	
SUM DAA	42,2	4,5	35,3	117,7			127,5	146,5	28,7	31,7	190,8

* Areal vert omdisponert gjennom statleg plan. Delar av arealet vert påverka, men skal tilbakeførast jf. Statleg plan

** Baneføremålet ligg ikkje inne i KPA

Som skadereduserande tiltak er det er teke inn ei fellesføresegn for jordvern og urbant landbruk i føresegnene: 'Der nytt byggjeføremål berører areal med jordkvalitet registrert som jordbruksareal eller dyrkbar jord i NIBIO skal desse jordressursane bli omdisponert, og delar av desse skal bli brukt lokalt for å leggje til rette for urbant landbruk i fellesareal eller offentlege grøntområde.'

8.8 Trafikktilhøve

Reguleringsplanen Fellesprosjektet Arna-Stanghelle beskriv at det skal byggjast fortau langs nedre del av Brualeitet. Botnavegen kryssar under E16, og Brualeitet kryssar under jernbanen. Det er nokon smale parti i kryssing under E16 i Botnavegen og i Botnavegen før kryss med Trollkjelsvegen på veg mot det gamle sentrum ved sjøen, der dette kan bli utfordrande. Topografiske tilhøve er ei utfordring for utbetring av veggeometri og tilrettelegging for fortau etter vegnormalen.

Vedtatt reguleringsplan legg også opp til at det skal byggjast gang- og sykkelveg frå parkeringsplass ved ny togstasjon langs elva og ned til Vaksdal sentrum. Ved perrongane nord for elva vert det etablert ein gang- og sykkelveg under jernbanebrua som koplar seg til ein gangveg frå idrettsbana. Busslommene på dagens E16, med tilhøyrande gangsystem langs og under E16, vert vidareført. Som i dagens situasjon, må dei mjuke trafikantane gis ei sikker kryssing over innkøyringa frå dagens E16 til Botnavegen. Når ny veg og bane vert bygd, kan det leggjast opp til sykling på noverande veg, eller på nedlagt jernbanetrasé.

Vaksdal sentrum har i dag fleire smale vegar og uoversiktlege kryss. Områdeplanen vil kunne løyse opp i ein del trafikale utfordringar langs hovudvegnettet, og gi betre og samanhengande løysingar for gåande og syklande.

8.9 Rekreasjonsinteresser / rekreasjonsbruk / uteområde

Planen legg til rette for fleire moglegheiter for rekreasjon, friluftsliv og å vere ute. Og ringverknadene er mange ved å leggje til rette for utandørs rekreasjon. Betre folkehelse, fleire treffpunkt for sosialt samvær og lågare klimautslipp når ein tur vert teke til fots eller på sykkel.

Planen framhevar fleire turstiar som finst i dag, og legg til rette for ny tursti mellom barnehagen og idrettsbana.

Områdeplanen regulerer grønnstruktur (naturområde) langs vassdrag for å sikre kantvegetasjon, men også for å leggje til rette for samanhengande turmoglegheiter langs vassdraget i tilnkyting til annan grønnstruktur.

Planen sikrar også moglegheita for eit turdrag der eksisterande jernbane ligg. Etter etablering av ny Vossebane og at dagens jernbaneinfrastruktur er fjerna, opner planen for at traséen kan bli transformert til gang- og sykkelveg eller tursti for ålmenta.

To eksisterande badeplassar, Sildastadskjæret og Kolakaiaen er framheva som friluftsføremål og sikra gjennom planen. Gjennom planen kan kvaliteten på badeplassen Sildastadskjæret hevast, med ny infrastruktur og element som kan tilhøyre ein badeplass. **Kolakaiaen vert regulert til næringsføremål og opparbeidd badeplass i området er av Felleskjøpet foreslått flytta til felt UNB6, FRI29 eller FRI 30. Kolakaiaen er tilgjengeleg med bil og har difor potensiale for å vere universelt tilgjengeleg. Strandsona ved Laksaneset (FRI29/FRI30/UNB6) har vanskelegare terrengtilhøve.**

8.10 Born og unge sine interesser

Born og unge sine interesser er viktige å ivareta for å skape eit godt lokalsamfunn. Innanfor planområdet finst fleire viktige målpunkt for unge, som barneskulen, idrettsbanen og mange leikeareal, i tillegg til tilbodet som finst innan kultur og idrett.

Planforslaget legg til rette for fleire snarvegar, som gjer at fleire born og unge kan bevege seg tryggare mellom målpunkta sine og unngå trafikkerte vegar. På sikt vil også dagens jernbanetrasé kunne vere ein trygg ferdsleveg og i mindre grad vere ei barriere til fjorden.

Akebakkar i FRI20 og tidl. FRI26 (no del av B82) jf. barnetråkkregistrering er ivaretatt i planforslaget. Planen sikrar uteoppholdsareal og friområde (fleire felt for friområde er utvida) gjennom føremåla Leikeplassar (LEK) og Uteopphaldsareal (UTE), i tillegg til føresegnar om opparbeiding av leikeareal og uteopphaldsareal. Gjennom regulering av offentleg føremål Barhehage (BH) og Undervisning (UN) er også born og unge sine interesse ivaretekne i offentlege funksjonar, fritidslokale og uteopphalds- og leikeareal.

Born og unge har også vore involverte i den tidlege medverknadsprosessen i samband med områdeplanane for Vaksdal og Stanghelle, i tillegg til barnetråkkregistreringane.

Verknadane omtalt i 8.8 vil også vere positive for born og unge på Vaksdal.

8.11 Sosial infrastruktur

I SSBs høgalternativ for Vaksdal kommune utgjer årskulla med born rundt 1 % av heile folkemengda, sett som eit gjennomsnitt for perioden fram til 2050. Med i gjennomsnitt 2 personer per bustad i Vaksdal, vil ein auke på 100 bustader innebere 2 nye born per årsklasse.

8.12 Folkehelse og kriminalitetsforebygging

Planen legg til rette for gode og trafikksikre løysingar for alle trafikantgrupper og aldersgrupper, sjå 8.8.

Spesielt er mjuke trafikantar godt ivareteke gjennom planforslaget.

Planen legg til rette for utbetring av turstiar og tilgang til grøntområde og leikeareal, sjå 8.9, 8.10 og 8.13.

I føresegnene er det teke inn eit punkt om folkehelse for å utvikle eit berekraftig lokalsamfunn som motverker utanforskap og bidrar til tiløyrgheit og deltaking og som set fokus på aldersvenleg samfunnsutvikling.

8.13 Universelt tilgjenge

Ved bygging av byggeområde i bratt terreng er det utfordrande å utforme tilkomst for til dømes bustader slik at desse tilfredsstiller krav frå TEK om univeselt tilgjenge til bueining og til bygning med bueining og til rettleiar til teknisk forskrift, og for rettleiar for bustadbygging i bratt terreng (SINTEF, 2016).

Det er teke inn ytterlegare føresegnar om universell utforming for bustader, der alle nye bustadprosjekt med fleire enn 6 bueiningar skal innehalde min. 50% tilgjengelege bueiningar. Slik vil også låge leilegheitsbygg og fleirmannsbustader som ikkje utløyser krav om heis (jf. TEK17), vere omfatta av denne føresegna.

8.14 Energibehov – energiforbruk

Det er ikkje gjort spesielle utgreiingar om energi.

8.15 Teknisk infrastruktur

Det er ikkje utarbeidd overordna VAO-plan i samband med områdereguleringa.

Tilknytning til teknisk infrastruktur må handterast i byggjesak og detaljreguleringssaker. Nye tiltak må følge gjeldande kommunale tekniske normer.

8.16 Økonomiske konsekvenser for kommunen

Tilhøve knytt til infrastruktur for VAO og nytt reinseanlegg er ikkje utgreidd, men det kan forventast kostnadar til dette i utbygginga av delområda. Det kan vere aktuelt med utbyggingsavtalar for å unngå at desse kostnadane vert kommunen sitt ansvar.

8.17 Eiendomsmessige konsekvenser for grunneiere

Planen vidarefører i stor grad eksisterande eigedomsgrenser. Avklaringar om grunnerverv blir tema i detaljreguleringar.

8.18 Konsekvenser for næringsinteresser

Verknadane for næringsinteresser vil variere frå eigedom til eigedom. Generelt opnar planen for auka utnytting av både bustad- og næringsføremål, som dermed vil kunne gi auka potensiale for næringsareal. Planen opnar også opp for næring på nye område, som Nethovdane og Tolåsen. Med fleire moglegheiter vil eksisterande og nye næringsaktørar på Vaksdal kunne tilpassa seg endringane som skal skje gjennom omlegginga av E16 og Vossebanen.

8.19 Samiske interesser

Ikkje relevant.

8.20 Strandsone til sjø og vassdrag

Strandsone på Vaksdal er i dag lite tilgjengeleg, i stor grad grunna topografi og at eksisterande jernbane representerer ei barriere til strandsona.

Områdeplanen vidarefører i stor grad gjeldande og overordna regulering av føremål i strandsona.

Endringar i arealbruken i strandsona som får følger for ålmenta si tilgjenge til sjø er mellom anna framtidig frigjering av baneføremålet, og detaljregulering av dette med tanke på å kunne nytta arealet som ei ferdsleåre i framtida, og knytte det opp til andre føremål i nettopp strandsona.

Føremålet Uthus/Naust/Badehus (UNB) regulerer i stor grad eksisterande situasjon med noko mogelegheit for nybygging. Føresegner sikrar ålmenta si tilgang til sjø.

Disponering av strandsona er også knytt opp til føremål som friområde langs sjø (FRI), turvegar (TV) og småbåthamn (SH).

Moglegheiter for opning av strandsona i samanheng med omdisponering av eksisterande baneareal er skissert i kap. 6.9.

Kantsoner langs Vaksdalselva vert regulerte med ei sone for Naturområde, med føresegnar som sikrar at kantvegetasjonen langs vassdraget vert bevart som eit samanhengande vegetasjonsbelte. Det er tillate etablert sitteplassar og stiar for ålmenta si tilgjenge til vassdraget. Alle tiltak skal være tilpassa eksisterande terreng, og fyllingar og inngrep i naturområdet som kan forringe den økologiske funksjonen er ikkje tillate. Inngrep i og fjerning av vegetasjon kan berre skje etter ei fagleg vurdering og i samråd med naturforvaltninga i kommunen.

8.21 Interessesetnader

Ingen kjende.

9. Risiko og sårbarheit

Det er utført ein eigen ROS- analyse som er vedlegg til dette dokumentet.

9.1 Metode

ROS-analysen er utforma med utgangspunkt i Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap sin rettleiar for samfunnssikkerheit i arealplanlegging (2017) og er tilpassa andre rettleiarar og malar og i tråd med kommunale føringar av ROS-analyser i reguleringsplanar. Analysen sitt omfang er tilpassa planforslaget sitt innhald og kompleksitet, samtidig som den tilfredsstiller krav om risiko- og sårbarheitsanalyse gitt i Plan- og bygningslova, § 4-3.

9.2 Evaluering av risiko

Med utgangspunkt i risikovurderinga i denne analysen er det tilrådd at følgjande tiltak blir vurderte innarbeidd i reguleringsplan og vidare planar for prosjektet:

ID nr.	Uønska hending	Beskriving av tiltak
1	Ras i tunnel	Kommunen bør etablera ei oversikt over kva tunnelar dei eig. Tunnelar og tunnelmunningar bør kontrollerast med omsyn til sikring og sikkerheit.
2	Lausmasseras, kvikkleire, steinras og snøskred	Det er utarbeidd skredfarevurdering i samband med statleg plan som dekkjer planområdet delvis. Skredfarenotat som følgjer områdeplanen legg føringar for oppfølging av skredfareområder avsett med omsynssoner i plankartet.
3	Flaum frå vassdrag og nedbørshending	VA-plan(ar) for området må følgjast opp av kommunen. Det er ikkje utarbeidd eigen VA-plan i samband med planarbeidet, dette gir derfor stor grad av uvisse og gjenspeiler seg i risikovurderinga.
4	Bereevne og setningsforhold	Det er anbefalt at det vert utført grunnundersøkingar i området. Grunnforholda i planområdet er svært varierende jf. NGU sitt kart.
5	Radongass	Det er avdekt at delar av planområdet har høgt radongassnivå, men nye bygg og anlegg har krav til å sikra menneske mot påverknad av radongass frå grunnen. Eksisterande bygningsmasse vil kunne påverka menneske dersom bygga ikkje er sikra mot dette. Det er anbefalt at kommunale bygningar blir testa med omsyn til radongassnivå ut ifrå plassering og eventuelt blir sikra med ventilasjon eller andre tiltak.
6	Skade ved forventa havnivåstigning	Det er anbefalt at kommunen stiller krav til vurdering av havnivåstigning og stormflo dersom det blir aktuelt med nye bygg i aktuell risikoklasse i nærleiken av sjø.
7	Spesielt vindutsett, ekstrem vind	Det er anbefalt at det vert utført vindundersøkingar ved konkrete planar for utbygging.
8	Spesielt nedbørsutsett	Ekstremregn bør sjåast i samanheng med geotekniske undersøkingar for rassikring av planområdet.
9	Ureining i grunnen	Der det skal gravast i planområdet, må det undersøkjast om det er krav til miljøkartlegging av grunnen.
10	Akutt utslepp til sjø/vassdrag og grunn	I kommunen sin heilskaplege ROS-analyse er det ikkje avdekt at eksisterande verksemder har noko stort potensiale for utslepp til sjø, vassdrag, jord eller luft.
11	Ulykker frå industri med storulykkepotensiale, brann/eksplosjon i industriverksemder	I kommunen sin heilskaplege ROS-analyse er det ikkje avdekt at eksisterande verksemder har stort potensiale for skade eller fare for storulykke, brann og eksplosjon.
12	Støv og støy frå industri	Det er industri i planområdet som kan gi påverknad av både støv og støy til planområdet. Ved etablering av nye bygg med støyande eller med støysensitiv funksjon bør det utførast støyvurderingar. Eksisterande

		bygningar i nærleik til denne type industri kan vere påverka og om det er sjenanse er det anbefalt å utføra støymålingar og fatta tiltak ut ifrå det.
13	Støy frå trafikk	Det er planlagt ny Europaveg og nye trase for toglinja igjennom planområdet, dette vil endra støybiletet for planområdet. Det vil bli gjort tiltak for å hindra støy frå ny E16/Vossebana i planområdet.
14	Luftforureining	Det er lite informasjon om industribedriftene i området og om dei kan forårsaka luftforureining. Det skal etablerast ny E16 i planområdet som kan gi noko auka luftforureining dersom ved auka trafikkmengd. I kommunen sin heilskaplege ROS-analyse er det ikkje avdekt potensielle kjelder til luftforureining.
15	Stråling frå høgspenst eller andre kjelder	Det er berre påvist distribusjonskablar i planområde i NVE sitt kartgrunnlag, og med dette vurderingsgrunnlaget vil det ikkje vere fare for stråling frå høgspenst i planområdet. Det er likevel ikkje gitt at dette er korrekt, spesielt i tilknytning til verksemdar i planområdet og om det er eigne kraftkablar som ikkje er vist på NVE sitt kartgrunnlag.
16	Ulykke med farleg gods	Både eksisterande og ny E16 og toglinje vil førast gjennom planområdet, her vil det vera trafikk med farleg gods. Det er industri som tilseier at det kan vera leveranse av farleg gods både via veg og sjø. Når ny Vossebane og E16 er etablert vil dette redusere sannsynet for ei ulukke med farleg gods i både gjennomgangstrafikk og ved redusert lokaltrafikk.
17	Trafikkulykker	Det er lite informasjon om trafikkulykker i området, med det har vore alvorlege ulykker tidlegare med dødsfall for mjuk trafikant. Dette viser at delar av planområdet kan vera dårleg tilrettelagt for mjuke trafikantar. Ved utbyggingsplanar bør ein sjå spesielt på trafikale forhold for mjuke trafikantar og dessutan vegbreidder, kurver og utfordrande kryssingar.
18	Anleggsperiode, fremkommelighet for naudetatar og andre	Utbygging av ny E16 og toglinje vil truleg medføra at entreprenør ivaretek informasjon og varsling til nødetatar og innbyggjarar. Dersom det skal byggjast i planområdet eller endra vegenett både kommunalt og Fylkeskommunalt samtidig med utbygging av ny E16 og toglinje er det viktig at det blir oppretta dialog, slik at omkøyringsvegane ikkje blir sperra.
19	Trafikkulykke i tunnel	Oppgradera tryggningsnivået i eksisterande tunnelar, der det er behov. Eksisterande tunnelar bør gåast gjennom med omsyn til tryggleik og sikring.
20	Verksemdsrisiko	Vaksdal kommune bør ha dialog med dei ulike verksemdene i planområdet for å undersøkje om ny områdeplan kan leggja til drette utviklingsmoglegheiter for eksisterande verksemdar i planområdet og sjå på nye forretningsmoglegheiter.
21	Svikt i naud- og redningstenesta	Kommunen si heilskaplege ROS-analyse omtalar beredskapen i dei ulike naudetatane i Vaksdal kommune og har gått gjennom sårbarheita av storleik, omfang, materiell, personell og opplæring på naudetatar dei sjølv har arbeidsgivaransvar for, og skildrar samhandling med nødetatar dei ikkje har arbeidsgivaransvar for.
22	Naturrisiko	I planområdet er det store område som består av infrastruktur, bygningar og opparbeidde område. Det er også område med urørt natur både i bratt terreng, men også langs sjø opp mot eksisterande E16. Det er utarbeidd eigen KU for naturmangfald for planområdet der det er gitt ei anbefaling for vidare oppfølging av temaet.
23	Ulykke under leik/fritid	Ulykke under leik og fritid kan oppstå. Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse omtalar generelt risiko knytt til friluftaktivitet og fritidsbustader, samt språkbarrierer knytt til turisme.
24	Drukningssulykke og ulykke i havn eller på kaianlegg	Planområde som har nærleik til vatn og sjø vil ha fare for drukningssulykker. Det er viktig at kommunen sin heilskaplege ROS-

		analyse avdekkjer eventuelle fareområde og at kommunen har etablert ei kriseleing som kan tre i kraft ved alvorlege ulykker.
25	Tilfluktsrom	Det ligg føre lite informasjon om eksisterande tilfluktsrom i kommunen. Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse omtaler ikkje dette temaet.
26	Distribusjon av ureina drikkevann, bortfall av VA, energiforsyning, telekom og IKT	Heilskapleg kommunal ROS-analyse omtaler risiko og beredskap knytt til ureining av mat eller drikkevatn, bortfall av energiproduksjon- og forsyning og telesamband.
27	Brann i transportmiddel	Kommunen har bratte vegar, td. omkøyringsvegar ved midlertidig stenging som kan medføra auka hyppigheit av brann i til dømes bremsar på lastebilar. Brann i transportmiddel kan oppstå, men det er ikkje noko som tilseier eit auka problem i planområdet. Kommunen sin beredskap må vera dimensjonert for brann i transportmiddel. Heilskapleg ROS omtalar brann i tog- og vegtunnelar.
28	Brann i bygningar og anlegg	Heilskapleg ROS omtalar brannberedskapen i kommunen. Vaksdal har eigen brannstasjon. Godt førebyggjande arbeid kan vera med på å forhindre brannar. Det er tilrådd brannførebyggjande arbeid mot eksempelvis skular og sjukeheimar.
29	Påverknad av landskapsbiletet ved ny E16 og toglinje	Det er utarbeidd eigen konsekvensutgreiing for landskapsbiletet. Det er avklart at massar frå tunnelbygging skal fraktast ut av planområdet for områdeplanen.
30	Påverking av friluftsliv, tilgjengelege torg og møteplassar	Ny veg og toglinje kan endra både torg og møteplassar, men det er ikkje avdekt så mange negative påverknader i planarbeidet. Det er utført konsekvensutgreiing av friluftsliv, der det er sett på korleis ny områdeplanen kan påverka friluftsliv, torg og møteplassar.
31	Naturlege terrengformasjonar som utgjer særleg fare	Ved konkrete utbyggingsplanar bør kommunen utføra grunnundersøkingar og dessutan sjå på farar som gjeld ras.
32	Øydelegging av kulturminne	Det er gjennom KU kulturminne og kulturmiljø utarbeidd ei oversikt over dei kulturminna som allereie er avdekte i planområdet som underlag for omsynssoner i plankartet.

9.3 Konklusjon

Det er vurdert 32 aktuelle risikoforhold og uønskte hendingar, som kan medføra konsekvensar anten for liv og helse, stabilitet og/eller miljø. Det er identifisert nokre risikoforhold som er vurdert som uakseptable.

Kapitel 3.4 i ROS-analysen viser alle vurderte farar med tilhøyrande tiltak som bør følgjast opp av Vaksdal kommune.

10. Referansar og kjelder

Planer, temaplaner, med delutredninger

Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2023-2035

Kommuneplanens arealdel (KPA) 2019-2031

Temakart til KPA, 2013.

Kommunedelplan for kulturminner og kulturmiljøer,

Kulturminneregistrering Vaksdal, 2012

Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland,

Rettleiarar og rapportar

Statens vegvesen. Håndbok V712, konsekvensanalyser, 2021

Miljøverndepartementets veileder for konsekvensanalyser, M-1941, 2021

Veileder Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging, DSB, 2017

Karttjenester og nettsider

- Planlegging.no
- Statens vegvesen. Vegvesen.no/fag/
- Miljøstatus.no
- <http://geo.ngu.no/kart/arealisNGU/>
- www.reindrift.no
- www.skrednett.no
- www.seeiendom.no
- Institutt for Skog og Landskap: Landskapsregioner i Norge – kart
- Miljødirektoratet.no: Naturbase kart
- Artsdatabanken 2010. Tjenesten Artskart. <http://artskart.artsdatabanken.no/>.
- www.ut.no
- www.dnt.no
- www.skisporet.no
- Kulturminnesok.no
- Askeladden – database for kulturminner
- SEFRAK
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging (2011)
- Regjeringen.no: Statlige planretningslinjer

11. Vedlegg

1 Plandokument

- 1.0. Planomtale, 09.05.2025 (dette dokumentet)
- 1.1 Føresegn, 09.05. 2025
- 1.2. Plankart, 09.05.2025
- 1.3 Merknadshandsaming til 1. gongs behandling, 24.04.2025
- 1.4 Temakart skredfare, 09.05.2025
- 1.5 Temakart omdisponering, 04.07.2024

2 Fagrapportar

- 2.1 ROS-analyse, 24.03.2023
- 2.2. Fagnotat skrivebordsstudie områdestabilitet Vaksdal, 05.01.2024

3 Konsekvensutgreiing (KU)

- 3.1 Konsekvensutredning Landskapsbilde, 24.03.2023
- 3.2 Konsekvensutredning Kulturminner og kulturmiljø, 24.03.2023
- 3.3 Konsekvensutredning Naturmangfold og vannmiljø, 24.03.2023
- 3.4 Konsekvensutredning Friluftsliv, by og bygdeliv, 24.03.2023
- 3.5 Konsekvensutredning Næringsutvikling og arbeidsplasser, 24.03.2023
- 3.6 Konsekvensutredning Tettstedsutvikling og urbanisering, 24.03.2023
- 3.7 Konsekvensutredning Trafikk, 24.03.2023